

Masteroppgåve

NTNU
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for lærarutdanning

Eirin Renate Reite Wiik

Frå hæselege heidningar til stakkarslege afrikanarar

Ein kvalitativ studie om korleis lærebøker på mellomtrinnet representerar Afrika og afrikanske mennesker si historie i perioda 1890 til 1990

Masteroppgåve i MGLU5210
Rettleiar: Peter Sigurdson Lunga
Mai 2023



Kunnskap for ei betre verd

Eirin Renate Reite Wiik

Frå hæselege heidningar til stakkarslege afrikanarar

Ein kvalitativ studie om korleis lærebøker på mellomtrinnet representerar Afrika og afrikanske mennesker si historie i perioda 1890 til 1990

Masteroppgåve i MGLU5210
Rettleiar: Peter Sigurdson Lunga
Mai 2023

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for lærarutdanning



Samandrag

Oppgåva spring ut av ein nysgjerrigkeit om eit tema eg kan veldig lite om, og som eg har hatt ein interessa av, heilt sidan barneskulen. Kvifor vi berre lærte om slavehandelen, det gamle Egypt og vart opplærte til å sjå på afrikanske menneske som stakkarslege, har eg lenge lurt på. Dette var ein av årsakene til at eg ville undersøkje dette i denne oppgåva.

Formålet med denne masteroppgåva er å undersøkje representasjonar av Afrika og afrikanske menneske, og prøve å gi ein forklaring på kva desse representasjonane kan ha komme av. Dette vil eg prøve å finne ut av gjennom ein kvalitativ forskingsanalyse, der eg tek føre meg ein lærebokanalyse av 10 ulike bøker frå 1890- til 1990- talet. I tillegg til lærebøkene, tek eg også i bruk dei tilhøyrande læreplanane for å sjå kva politikken og samfunnet meinte det var viktig at elevane skulle lære. Årsaka til denne problemstillinga, kjem av manglande forsking av feltet, og eit ønskje om å kunne bidrege meir til denne forskinga.

Representasjonane av dei afrikanske menneska og den Afrikanske historie har endra seg mykje frå 1890, og fram til 1990. Lærebøkene gjekk i frå å omtale den afrikanske befolkning som "hæslege *negera*", som trengte hjelp av den kvite mann til å bli redda frå sinn heidenskap, til å bli ein meir stakkarsleg befolkning. Desse endringane har kommen av både politiske- og samfunnssendringar, noko ein også ser går igjen i dei ulike lære- og mønsterplanane. Kristendommen var viktig, og bibelen vart ofte brukt for å grunngjeve blant anna behandlinga av slavane under slavehandelen. Men kvifor har desse endringane skjedd, og har slavehandelen påverka synet på dei afrikanske menneska?

Abstract

This thesis started with the curiosity about a theme I didn't know a lot about. A theme which I have had an interest about since elementary school. Why did we just learn about the Slave trade, Ancient Egypt and was thought to look at African people as pitiful people, have I wondered about for a long time. This was one of the reasons I wanted to investigate this, in this master thesis.

The purpose of this master thesis is to investigate the representation of Africa and the African people and try to find an explanation to where the representation came from. This I will try to do through a qualitative research analysis, where I use a textbook analysis of 10 different textbooks from the 1890 to the 1990. In addition to the textbooks, I will use associated curricula to have a look at what the politics and the society wanted the students to learn. I choose this theme because there is a lack of research about it, and a wish to contribute to the research.

The representation of the African people and the African story has changed a lot from the 1890, to the 1990. The textbooks first started by calling the African people as "hideous negroes", that needed the white man to come and save them from their paganism to a more pitiful people. The changes came from developments in both the politics and in society, and in the associated curricula. Christianity was important, and the bible was often used to justify the treatment of the slaves in the slave trade. But what is the reason for this, and has the slave trade had an impact in how they viewed the African people?

Føreord

Eg ønskjer å gi ein takk til alle som har hjelpt meg i masterskrivingsprosessen, og ein ekstra stor takk til min kjære onkel Kjell Petter Wiik, som har bidratt med sin kristendomskunnskap og med sine kritiske og hjelpsame kommentarar undervegs i min skriveprosess. Eg ønskjer også å gi ein takk til alle vennar og skulekameratar som har hjelpt med igjennom denne masterskrivingsprosessen både på skulen og elles. Eg vil også gi ein takk til mine romkameratar, som har måtte høyre meg snakke om denne masteren i heile år, dei er nok taksamd for at eg snart er ferdige. Samt vil eg også takke NTNU og min rettleiar Peter Sigurdson Lunga.

I denne stund sitt eg på Sukkerhuset i Trondheim og skriv mi masteroppgåve. NTNU kalvskinnet byrja i fjar med masterlesestader på Sukkerhuset. Sukkerhuset var før ein fabrikk for sukkerraffinering. Sukkeret som kom til Noreg frå sukkerplantasjar i Jomfrøyane. Bygget der eg skriv min master om Afrika, afrikanske menneske og deira historie, raffinerte sukker plukket av Afrikanske slavar på 1750-1800-talet. Bygget har mykje historie, og er eit bevis på at den dansk-norske union også tok del i trekanthandelen og bruken av slavar.

Trondheim mai 2023
Eirin Renate Reite Wiik
NTNU

Innholdsliste

Innhald

Samandrag	I
Abstract.....	II
Føreord	III
Innholdsliste.....	V
Figur/foto.....	VII
Forkortinger	VII
1.0 Innleiing	1
1.1. Problemstilling	1
1.2 Disposisjon.....	2
2.0 Metode.....	2
2.1 Prosessen.....	4
2.2 Datamaterialet	4
2.2.1 - Utvalet.....	4
2.3. Læreboka.....	6
2.3.1 Ordforklaringar i lærebøker	7
2.3.2 - Læreplanen	7
2.4 Illustrasjon i bøker.....	7
2.5 Diskusjon av metode og analyse.....	8
3.0 Teori.....	9
3.1 Tidlegare forsking.....	9
3.2 - Representasjonar av Afrikanske menneske.....	10
3.2.1 - "oss" og "dei andre"	10
3.2.2- Utstillingsobjekt - Europa og Noreg.....	11
3.2.3 - Koloniseringa og tida fram til 1990	15
3.2.4 - Elendebilete	17
3.3. Kristendommen	17
3.3.1 - Misjoneringa	18
3.3.2 - Kristendommen i Noreg fram til 1990.....	19
3.4 - Slaveriet.....	19
3.4.1 - Slavehandelen	20

3.4.2- "På mote" i Europa	21
4.0 Analyse og drøfting	22
4.1 Representasjonen av menneske.....	22
4.1.2 - Heidningar og misjonsarbeid	22
4.1.3 - <i>Neger</i>	27
4.1.4 - <i>Buskmenn og hottentott</i>	33
4.1.5. - Likskapstrekk.....	36
4.1.6 - Den primitive afrikanar versus den siviliserte europear	36
4.1.7 - Elendebilete.....	37
4.1.8 - Endringar	38
4.2 Slavehandelen.....	40
4.2.1 - Slavehandelen og slavar	40
5.0 Konklusjon.....	44
6.0 Kjelder	47

Figur/foto

Figur 7: Fra Plakat [Reklameplakat for barnesåpe] av Anne Lise Reinsfeldt/Norsk folkemuseum, 8.april 2014, Norsk folkemuseum.
<https://digitaltmuseum.no/011023197065/plakat>. NF.1968-0540

Forkortinger

USFPL	Udkast av skoleplaner for folkeskoler paa landet 1888
N23	Normalplan for laandsfolkeskolen 1923
M39	Normalplan (Mønsterplan) for landfolkeskulen 1939
M74	Mønsterplan for grunnskolen 1974
M87	Mønsterplan for grunnskolen 1987

1.0 Innleiing

Da eg skulle ta eit val for masteroppgåve og tema gjekk eg veldig fram og attende. Eg viste at eg ville foreta meg ein lærebokanalyse, so eg byrja derfor med å lese i nokre lærebøker. Ettersom eg las meir og meir, stussa eg litt på korleis Afrika og deira historie vart framstilt i dei aller eldste bøkene. Eg byrja so å tenkje tilbake på mi eiga skulegang. I bygda der eg kjem i frå har vi maksimalt hatt to til tre familiar med annan hudfarge, so vi var lett påverkelege av det vi lærte på skulen. Eg hugsar vi hadde enkelte skuletimar på barneskulen der læraren hadde med seg ein stor plakat av eit lite barn frå Afrika som stod framføre ein trehytte eller noko liknande. Vi lærte da om korleis denne stakkarslege jenta hadde det. I barnefilmane budde dei ute i jungelen blant løva og elefantar. Da eg ikkje åt opp all middagen, fekk eg alltid høyre "tenk på dei stakkars barna i Afrika". Det gamle Egypt hadde vi mykje om, men det tok mange år før eg lærte Egypt var eit land i Afrika. Eg byrja derfor å lure på, kvifor blei deira historie og levevis presentert på denne måten. Kan samfunnet og historia gi ei forklaring? Kva seier læreplanen og lovane?

1.1. Problemstilling

Sidan 1800-talet har læreboka vert eit basisreiskap innanfor organisert læring og undervisning. Lærebokas introduksjon gjorde jobben lettare for lærarane og dei fekk eit konkret materiale som viste kva elevane skulle lære seg. Desse lærebøkene er igjen knyta opp i mot ulike lovverk og læreplanar/mønsterplanar (Skrunes, 2010, s. 62). Har læreplanane påverka innhaldet i lærebøkene mykje opp igjennom tidene, og kva kan ha påverka dette? I mi oppgåve skal eg prøve å svare på mi problemstilling gjennom ein kvalitativ analyse av lærebøker og ta i bruk ein historisk kontekstualisering for å betre svare på det eg undersøkjer. Problemstillinga mi er:

Korleis blir Afrika og afrikanske menneske si historie blitt representert i norske lærebøker for mellomtrinnet frå 1890 til 1990, og korleis kan desse representasjonane forklarast?

Ettersom problemstillinga ikkje svarer på alt eg vil finne ut av, har eg laga meg tre forskingsspørsmål som skal hjelpe meg til å svare på problemstillinga. Desse er:

1. Korleis klassifiserast afrikanarar som menneske, og kva slags syn kan ligge til grunn for desse kategoriane?
2. Kva seier lærebøkene om slavehandelen, og kan dette ha påverka synet på dei afrikanske menneska?
3. Korleis kan læreplanen ha påverka framstillinga av Afrika og afrikanske menneske si historie frå 1890 til 1990?

Mitt fyrste forskingsspørsmål omhandlar klassifisering av menneske, og kva syn som kan ligge til grunn for dei ulike kategoriane. Korleis blei menneska før klassifisert, og kvifor hende denne klassifiseringa? Kva faktorar kan ha påverka denne klassifiseringa? Det

andre forskningsspørsmålet omhandlar slavehandelen. Kan slavehandelen ha påverka rasesynet og klassifiseringa av menneska? Det siste forskningsspørsmålet omhandlar læreplanane. Har læreplanane hatt noko påverknad på kva som blir skiven i lærebøkene? Kvifor og evt. kvifor ikkje? Dette er forskningsspørsmåla eg skal forsøke å svare på i denne oppgåva.

Ettersom eg har tatt føre meg mange ulike lærebøker, har eg måtte valt ut det eg meina er mest relevant for analysen. Dette har ført til at enkelte tema og utsegn har blitt valt vekk eller berre nemnt kort. Skulle eg ha tatt med alt i den afrikanske historia, og alt innanfor kvar enkelt lærebok, hadde nok oppgåva blitt alt for stor. Eg har derfor måtte fokusert på det eg sjølv meina er mest relevant for å best mogleg svare på oppgåva. I mi analyse er Afrikanske menneske definert som menneske som er i frå Afrika, det vil også bli nemnt nokre afroamerikanske menneske, men eg vil ha hovudfokus på Afrikanske menneske. Av den afrikanske historia vil eg ha fokus på slavehandelen, trekanthandelen og slaveriet. Eg har valt å ha dette fokuset fordi eg trur der er ein stor samanheng mellom synet på afrikanske menneske og slavehandelen. Da eg byrja å skrive, fant eg fort ut at eg måtte ta føre meg ein avgrensing av tema. Eg måtte derfor sjå på kva lærebøkene sa, og kva eg sjølv synest var meir interessant. Eg valte derfor å ikkje skrive om Egypt, fordi eg synes at slavehandelen var meir relevant for oppgåva, og er var interessert i å sjå om det er nokon samanheng mellom rasesynet som var før, og slavehandelen. Derfor vart historia om Egypt valt vekk.

1.2 Disposisjon

Oppgåva er inndelt i ulike kapitel og delkapitel for å få ein betre oversikt. Fyrst vil eg gi ein forklaring av metode i kapittel to. Her vil eg grunngjeve mine val, fortelje litt om utvalet og gi ein liten gjennomgang av kva ordval og illustrasjonar har å seie for lærebøkene. Eg vil også diskutere val av metode og analyse i metodekapittelet. Kapittel tre er teorikapittelet, der eg fyrst vil gi eit innblikk i tidlegare forsking, før eg går inn på teori "oss" og "dei andre" synet, slavehandelen, raser og kristendommen. Kapittel fire er analyse og drøftingskapittelet, der eg vil analysere lærebøkene og drøfte funna oppimot teorien. Etterfølgd av kapittel fem som er konklusjonskapittelet. Til slutt kjem kjeldelista.

2.0 Metode

Eg har valt å ta i bruk ein historisk kontekstualisering for å betre undersøkje korleis representasjonane kan forklarast. Ein historisk kontekstualisering er å setje teksten inn i ein relevant historisk samanheng (Melve & Ryymin, 2020, s. 53). Det å analysere lærebøker frå 1890, utan å sjå bøkene i ein historisk samanheng hadde vert lite gunstig. Dette fordi både politikken, samfunnet, menneskesynet og kulturen har gått igjennom store endringar sidan den gong. Ein må derfor bruke tekstar, læreplanar, leksikon og litteratur frå den tida ein undersøkjer, når ein analysera. Definisjonar av omgrep har også endra seg over tid, noko ein også må hugse på når ein ser på teksten i den historiske samanhengen. Til dømes har assosiasjonane og bruken av omgrepet *neger* endra seg frå 1890 til 1990. Ettersom både omgrep og syn har endra seg, har eg valt å ta i bruk ein slik kontekstualisering i mi oppgåve. Det å sjå på lærebøkene vil også gir meg eit innblikk i kva samfunnet, kongen (før) og politikken ville at elevane skulle lære.

Lærebøkene, forfattarane og innhaldet har endra seg mykje, men korleis skal ein angripe den på best mogleg måte?

I mi masteroppgåve har eg tatt i bruk den kvalitative forskingsmetoden lærebokanalyse. Den kvalitative forskingsmetoden er ein forskingsmetode der ein analysera data i form av tekst (Hiesh & Shannon, 2005, s. 1278). I ein slik analyse har ein fokus på språkets eigenskapar med fokus på innhaldet av teksten (Budd et.al, 1967, gjengjeven i Hiesh & Shannon, 2005, s. 1278). Slik tekstdata kan komme i verbal-, elektronisk- eller trykt form, og kan bli innhenta på ein rekkje metodar, som blant anna ein lærebokanalyse (Kondracki, et.al, 2002, s. 224,225). Teksten ein analysera blir kategorisert i eit system der ein kodar og kategoriserer tema (Hiesh & Shannon, 2005, s. 1278). Ved å ta i bruk slik kategorisering av tekst, kan ein ende opp med å kunn "leite etter det man ynskjer svar på". Ein slik kategorisering vil framleis ha eit subjektivt element, der ein sjølv vel ut kva som skal bli tatt med og ikkje blir tatt med (Marienfeld, 1979, sitert i Skrunes, 2010, s. 106). Denne kategorisering går også under omgrepene "sampling". Sampling er ein analyse av innhald, og omhandlar å avgrense kva ein skal undersøkje, ein tar altså eit "sample" (ein prøve) av den delen av teksten som er best egna til å svare på problemstillinga. Desse "samples" i teksten kan anten vere i form av enkelt ord, setningar, avsnitt, kapitel eller heile bøker/verk. Ein kan også undersøkje heile sjangrar eller plott (Krippendorff, 2004, s. 84). Her møter ein også problemet med at ein "leiter etter det man ynskjer svar på". For å finne dei best mogleg egna kategoriane, tok eg i bruk ein kategorianalyse.

Kategorianalyse brukast når ein vil finne ut korleis menneske sorterast inni ulike kategoriar, kvifor dette skjer og konsekvensane av slik kategorisering. Kategorisering er prosessen for å plassere ting i ulike kategoriar (Johannesen et.al, 2021, s. 143). Slike kategoriar er grupperingar av noko som har like eigenskapar (Johannesen et.al, 2021, s. 125). I ein kategorianalyse er det nokre sentrale spørsmål ein kan stille seg sjølv. Er kategoriane sentrale for datamaterialet, og framstår dei ulike kategoriane som sjølvsagt og naturlege, eller er der ulike meningar bak kva kategorisering ein skal ta i bruk? (Johannesen et.al, 2021, s. 146) Innanfor min kategorisering, har det skjedd ein endring i framstillinga av kategorien "representasjonar av menneske". Inndelinga av menneske i ulike rasar, var før ein sjølvsagt og naturlig gitt kategori. Det var til dømes sjølvsagt og naturlig at afrikanske menneske gjekk under den "sorte rase" og kvite menneske gjekk under "den kvite rase/middelhavfolk". Endringar innanfor denne kategorien, kan ha ført til at det no i dag er ulike meningar bak kva kategorisering ein skal ta i bruk, som til dømes mørkhuda person eller menneske frå Afrika. Den "sorte rase" har igjen underkategoriar, som dannar eit hierarkisk kategorisystem. Eit hierarkisk kategorisystem er ein samling av kategoriar som står til forhold til kvarandre, der kvar kategori kan innehalde fleire underkategoriar (Johannesen et.al, 2021, s. 133,134). Om det er noko som ikkje passar inni desse kategoriane av datamaterialet, vil det anten bli putta i ein "roteskuff" om eg ser på det som relevant til problemstillinga eller valt vekk. Ein slik "roteskuff" er der ein kan plassere ting som ikkje passar inn i kategoriane om ein framleis vil skrive eller undersøkje tinga (Johannesen et.al, 2021, s. 146).

2.1 Prosessen

Da eg byrja å undersøkje temaet, fant eg veldig liten norsk forsking som var retta mot mellomtrinnet og som strakte seg over ein like lang periode. Dei fleste oppgåvene eg fann omhandla ungdomsskulen og vidaregåande skule, og tok føre seg ein mykje kortare periode som t.d. frå 1997 til i dag. Eg valte derfor å ta i bruk analyseforma for pedagogisk tekst henta frå Selander (1988). For å gjere ein analyse av pedagogisk tekst (læreboka), må ein først undersøkje bakgrunnsdata. Bakgrunnsdata innanfor ein slik analyse er dei generelle forholda innafor det sosiale, politiske og økonomiske system innanfor den historiske perioden boka er i frå, samt læreplanar, skuleverk og skulefag (Selander, 1988, s. 46). Det neste steget blir å sjå på sjølve læreboka, analysedata. Analysedata er bileta som er tatt i bruk, og sjølve teksten i læreboka. Etter ein har funnet data ein skal analysere, er neste steget sjølve analysen. Ein analyserer da ordval, stil og forklaring i bilettekst og elles i teksten (Selander, 1988, s. 46). I sjølve analysen skal eg ta i bruk eit komparativt design og ein vertikal lærebokanalyse. Eit komparativt design er basert på ein samanlikning og gruppeanalyse av to eller fleire casar (Ringdal, 2018, s.183) i denne samanhengen er det to eller fleire bøker. Eg har valt å ta i bruk fleire ulike bøker frå dei ulike epokane, for å best mogleg svare på korleis Afrika og afrikanske menneske blir representert i norske lærebøker frå 1890 til i dag.

2.2 Datamaterialet

Da eg byrja å søkje etter bøker, ville eg ikkje kunn ha bøker utgitt frå dei mest kjente som Cappelen Damm og Gyldendal Norsk Forlag (Neeral, 2018). Desse forлага var også dei mest populære før, men eg har også valt sett på forlag som A.W Bøggers Boktryggeri. Eg har valt å ha eit stort utval av lærebøker. Dette for å sjå kor forskjellige forfattarar hadde tolka læreplanen og kva dei sjølv meinte var viktigast å ha med i læreboka. Eg ville også da sjå på om der er nokon skilnader på ordbruken, da spesielt ordbruken rundt om omgrepene "afrikanar", samt andre ord dei brukar for å beskrive menneske frå Afrika som til dømes *neger*, *hottentott*, naturfolk og *pygmé*. Dette var også eit av mine krav for bøkene. For at unngå å oversjå viktige detaljar, har eg lest alle sidene i bøkene. Dette for å unngå å kunn leite etter afrikansk historie under "Afrika" kapittelet, da det i mange bøker også stod viktig informasjon under til dømes "Amerika" eller "handel" kapitel. Ettersom problemstillinga mi omhandlar norske lærebøker på mellomtrinnet, måtte datamaterialet mitt vere akkurat dette, norske bøker for mellomtrinnet. Mellomtrinnet er femte til sjunde trinn. Dette har ført til komplikasjonar ettersom 5-årig skule var norm fram til 1936, da lova om 7-årig folkeskule blei innført (Volckmar, 2016, s.42). Dette har ført til at lærebøkene eg brukar i mi analyse, fram til 1936, vil vere for den 5-årige skulen. Dette kan føre til at det kan bli store ytterpunkt i kva elevane skulle lære på den 5-årige utdanninga, kontra den 7-årige utdanninga.

2.2.1 - Utvalet

Utvalet er sterkt prega av stoffet som var tilgjengeleg på NTNU sine bibliotek og på *Nasjonalbiblioteket*. Da eg byrja å lese på 1800-tallet, møtte eg komplikasjonar ved å finne tilgjengelege bøker både på bibliotek og på *Nasjonalbiblioteket*. I byrjinga prøvde eg meg også på ein rekke bøker frå 1870 og før, men eg valte heller å fokusere på 1890. Årsaka til dette er innføringa av den 5-årige offentlege skule på slutten av 1800-tallet, og folkeskulelovene av 1889. Folkeskulelovene av 1889 var den fyrste felles lova

for folkeskulen i både land og i by (Volckmar, 2016, s.39). Den fyrste offentlege skuleplanen vart også utgjeven same året, noko som gjorde det lite relevant å sjå på lærebøker frå før 1889, ettersom eit kriteriet mitt var at læreboka skal ha ein tilhøyrande læreplan.

Bøkene eg har valt å analysere er både geografibøker, historiebøker, samfunnsfagbøker og bøker som er ein blanding av naturvitenskap og samfunnsfag. Eit kriterium eg hadde da eg valte ut bøkene var at alle skulle vere norske skulebøker egna for mellomtrinnet, noko alle desse er. Bøkene eg har valt å ha hovudfokus på når eg analysere er:

- 1892 - *Lærebog i geografi for folkeskolen* – C.W Ludv.Horn
- 1893 - *Kortfattet geografi* - Dr. Hans Reusch
- 1910- *Lærebok i almindelig geografi for folkeskolen* - Magnus Eriksen
- 1929- *Geografi* - Dr.Hans Reusch
- 1946- *Vi ere en nasjon - Norges og verdenshistorien* - Jens Hareid, Sverre S. Amundsen
- 1955 - *Folket vårt - gjennom tidene* - Bernhard Stokke
- 1966- *Mennesker jorda rundt- etnografi for ungdomsskulen 7.skoleår-* Bjørn Marthinsen og Per Østerberg
- 1970- *Vår vide verden - geografi for 6.skoleår med lesestykker* - Øiving Rødevand, Johannes Farestviet, Bjørn Hansen
- 1977- *Historie for 6.skoleår grunnbok* - Hjelle og Skinningsrud
- 1988- *I fokus - Samfunnsgfag 7.* - Ertesvaag, Rognaldsen, Aanes

Etter å ha lest fleire titals bøker, fant eg ut at desse var dei som var mest representative for tidsepokane. Bøkene har store skilnadar på mengde stoff, der nokre av dei har 40 sider eller meir om Afrika, medan andre har eit par setningar/sider. Årsak til at nokon av bøkene er veldig nærmere i årstal, er for å få fram skilnaden og korleis ulike forfattarar tolka dei ulike læreplanane. Det er også skilnad på kor mykje eg har med frå dei enkelte bøkene, dette er påverka av kva eg ser på som relevant.

Desse lærebøkene er valt ut på grunnlag av ulike krav. Desse krava er:

- Læreboka må innehalde illustrasjonar som er relevante til anten framstillinga av Afrikanarar eller som blir brukt som eit hjelpemiddel til relevant tekst.
- Læreboka skal ha ein tilhøyrande læreplan
- Boka skal vere egna for mellomtrinnet (5-7 trinn)
- Boka må innehalde noko om Afrikansk historie og framstillinga av afrikanske menneske

Dette er krava eg satt tidleg i prosessen etter å ha lest ein rekke skulebøker. Ettersom eg skal analysere bøker egna for dei eldste barna på barneskulen, var det relevant at bøkene var skriven og tilrettelagt dei eldste barna. Årsaka til at eg har valt mellomtrinnet, er blant annan fordi det er først her dei samfunnsfaglege skulebøkene står som eigne bøker, og ikkje som ein blanding av naturfag og samfunnsfag. Kompetanseområda og det faglege dei skal lære omhandlar også meir omverda og ikkje "fedrelandet". Ein annan årsak var at det var mellomtrinn skulebøker eg fant, da eg byrja leitinga mi etter lærebøker. Eg ville også at bøkene hadde ein tilhøyrande læreplan, slik at eg kunne sjå kva den kongelege resolusjon, og etterkvart utdanningsdirektoratet meinte det var viktig at elevane skulle få kompetanse om. Eg har

volt å ta eit stort utval av lærebøker for å kunne dekkje alle læreplanane/mønsterplanane/normalplanane, og for å sjå om det er noko endring i kva lærebøkene val å prioritere over tid. Bøkene er også skriven frå ulike læreplanar og mønster- og normalplanar , desse er:

- 1889 - Udkast av skoleplaner for folkeskoler paa landet (USFPL)
- 1923 - Normalplan for laandsfolkeskolen (N23)
- 1939 - Normalplan (Mønsterplan) for landfolkeskulen (M39)
- 1974 - Mønsterplan for grunnskolen (M74)
- 1987 - Mønsterplan for grunnskolen (M87)

Dette er planane som vart brukt på "normal-skulane." Det er andre planar for spesialskulane fram til M74, men desse er velt bort i favør for planane for "normal-skulen". Dette er fordi spesialskulane sine undervisningsplanar har andre kompetanse mål enn "normal-skulen", som var, på den tida, tilpassa dei elevane dei hadde til dømes undervisningsplanen for høyrselshemma i perioden 1900-1924 hadde kompetanse mål om å "fremelske en tydelig og velpleiet stemme hos vore elever, ss de døves tale kan bli forstaat av deres medmenneske"(Skjølberg, 1992, s. 172). Det er derfor betre egna å ta i bruk mønsterplanane og normalplanane utvikla for by/og eller laandfolkeskulen for å klare å svare på mi problemstilling.

2.3. Læreboka

Ein lærebok er ein pedagogisk tekst. I følgje Selander (1988) er ein pedagogisk tekst ein tekst som skal reproduksjonere eksisterande kunnskap, ikkje skape ny (Selander, 1988, s. 17). Slike tekster må også avgrensast, dette gjerast av læreplanen. Læreplanen er det som hovudsakeleg bestemmer kva boka skal innehalde, men korleis det skal presenterast er opp til lærebokforfattaren og forlaget (Selander, 1988, s. 19). Det er også ein politisk tilknyting til lærebøkene. Fram til år 2000 var det stor politisk innverknad på lærebøkene, der bøkene måtte igjennom ein godkjenningsprosess og gjennom departementet før dei blei utgitt. Lærebøkene var også sterkt knyt til lovverk, da alle lærebøkene måtte vurderast opp i mot lov og læreplan (Skrunes, 2010, s. 62).

Læreboka er eit reiskap for å representere eit emne, og vil derfor påverke korleis Undervisninga blitt utøvd (Westbury, 1982, s.28, sitert i Selander, 1988, s.21,22). Lærebøkene gir meg eit innblikk i kva skuleelevar lærte i dei ulike epokane, og gir meg også eit betre innblikk i kva den norske myndigheita meinte var viktig at borna skulle lære. Det er har også kommen endringar på denne fronten, der bøkene før 1908 måtte bli godkjent ved den kongelege resolusjon (Skrunes, 2010, s. 62). Den kongelege resolusjon er eit saksdokument som er fatta av Kongen i statsrådet (Regjeringa, 2022, s.18), deretter signert av kongen og statsministeren (Berg, 2022). Ved å sjå på bøker frå 1880 til 1908, vil da gi meg eit innblikk i kva den kongelege resolusjon meinte at skuleelevar skulle vite om Afrikansk historie og menneske i frå Afrika. Fram til år 2000 var det endringar i godkjenningsprosessen, og det gjekk over til at departementet skulle godkjenne bøkene (Skrunes, 2010, s. 62).

Fram til fyrste halvdel av 1900-tallet var det vanleg at ein lærebok eller ein læreboksamling i ulike fag kunn hadde ein forfattar. Desse bøkene blei da ofte brukt over fleire generasjonar utan endringar (Johnsen, 1999, s.11) Døme på dette er til

dømes Erik Pontoppidans bok "Sannhet til Gudfrygtighed" som var ein av dei få lærebøkene som kom ut i 1736 (Volckmar, 2016, s. 27), og som vart brukt i skulen utover 1800-tallet.

2.3.1 Ordforklaringar i lærebøker

Ordforklaringar er ein viktig del av læreboka. Korleis eit ord eller eit omgrep blir introdusert til elevane for første gang er viktig for vidareutvikling av omgrepet (Johnsen, 1999, s. 21). Slike ordforklaringar kan til dømes vere definisjonen på kva en slave er i 4.trinns boka, som dei bygg vidare på når elevane skal lære om slavehandelen i 7.trinn. Det er derfor viktig at borna ikkje misforstår omgrepet, slik at dei i seinare tid kan vidarebyggje kunnskapen. Ein møter her eit problem ettersom lærebøkene er skrivne av vaksne menneske til barn og ungdom, aldersskilnaden blir derfor stor. Det som ein voksen ser på som ein sjølvfølgje, treng ikkje å vere ein sjølvfølgje for elevane som leser boka (Johnsen, 1999, s. 21).

2.3.2 - Læreplanen

Læreplanen er styringsdokument som har stor betydning for praksis i skulen sidan det blir sett på som det faglege og pedagogiske verktøy for skulen. Læreplanen har status som forskrift, og er eit bindande dokument som skulen er binda til å bruke (NOU 2014: 7, s. 96). Læreplanen har ein rekke kompetanse mål, som gir rom for fortolkingar av både den enkelte lærar, skule og skuleeigar (NOU 2014: 7, s. 96). Den norske læreplanen, for dei ulike faga, har i likskap med dei andre nordiske landa, enkelte mål på kva det er forventa at elevane skal lære etter andre, fjerde, sjuande og tiande årstrinn (NOU 2014: 7, s. 97). Desse måla har hatt store endringar etter innføringa av den første norske læreplan i 1890, "Udkast av skoleplaner for folkeskoler paa landet", utgitt i 1889. Dette var ein skuleplan utarbeida av kyrkje og undervisningsdepartementet, i samarbeid med landets skuledirektørar. Dette var ein rettleiing av skuleplanar som skulestyret, i følge §50, måtte bruke (USFPL, 1889, forside). Denne læreplanen var inndelt i mål for "smaaskolen" og for "storskolen", noko som skil seg frå planen frå 1987 som var inndelt i 4-6 trinn og 7-9 trinn (M87, s. 217)

2.4 Illustrasjon i bøker

Illustrasjonar og bilete i lærebøker er ein form for språk som individuelt skal skape førestillingar og opplevingar i ein skulefagleg samanheng (Skrunes, 2010, s.95). Omfanget av illustrasjonar og bilete i lærebøkene, har endra seg dei siste 200 åra. Fram til 1940-åra, var lærebøkene sterkt prega av typografien frå 1800-tallet, medan i 1950 kom det endringar. Bileta blei større, og fleire. I 1960 byrja ein å skilje mellom biletar som belys tekstu, og biletar som forklrar ord (Selander, 1988, s. 102). Bilete og illustrasjonar er i seg sjølv ein kunnskapskjelde. Illustrasjonen/biletet kan vere eit hjelpemiddel til teksten til dømes ved at teksten omhandlar eit slaveskip, med ein illustrasjon av eit slaveskip (Selander, 1988, s. 118). Samt kan illustrasjonen stå som ein sjølvstendig informasjonsbærer, dette kan til dømes vere ein samanlikning mellom to biletar, eller eit kart (Selander, 1988, s. 119).

Innanfor visuell teori og forsking argumenterast det for at det visuelle er like viktig som sjølve ordet (Pink, 2001, sitert i Munthe, 2005, s. 170). Det er også forska på at menneske sine sansar og hjerne lettare plukkar opp informasjon frå eit bilet, enn verbal

tekst. Her er det individuelle skilnadar (Skrunes, 2010, s. 94). Som uttrykket seier "eit bilet seier meir enn tusen ord". Bilet kunne også bli brukt før for å gi ein visuell representasjon av noko elevane aldri hadde sett før. Det å ta i bruk bilet vart også oppmuntra i læreplanane. I *Normalplanen frå 1923* står det at "[...] Så mye som mulig bruker en natur, folkelivs og reiseskildringer, bilde - om mulig lysbilleder - fra planteliv og dyrelivet [...] og folketyper" (N39, 1939, s. 47). Læreplanen oppfordra altså til bruk av bilet.

2.5 Diskusjon av metode og analyse

Undervegs i mi forsking og analyse skjedde det ein rekke endringar i fokusområde. Da eg byrja oppgåva mi, ville eg ha fokus på rasesynet, Egypt og slavehandelen. Da eg byrja å undersøke meir, vart kategoriane eg ville fokusere på endra til representasjonar av menneske og representasjonar av afrikansk historie. Da eg byrja å skrive analysen min, møtte eg på eit lite problem. Eg fann mykje meir om representasjonane av menneske enn eg hadde forventa, og eg måtte derfor gjere eit val. Eg ende da med å ha hovudfokus på representasjonane av menneske, og om slavehandelen ettersom slaveriet og syna derifrå hadde mykje å seie for syna på dei afrikanske menneska. Eg tok valet med hovudfokus på representasjonar av menneske, fordi dette var noko eg synes var ekstremt interessant å undersøkje, og eg ønskja ikkje å kutte noko ned på denne delen for å få plass til litt om nokre anna tema. Metoden eg valte å bruke var kvalitativ forskingsmetode, og eg tok da i bruk ein lærebok analyse. Eg tok også i bruk ein historisk kontekstualisering for å betre forstå lærebökene og historia med "datidas auge". Ettersom eg ser mykje på representasjonar, hadde kanskje ein representasjonsanalyse vore meir egna til denne oppgåva. Eg hadde kanskje fått nokre anna funn, og kunne da ha analysert representasjonane både i tekst og i bilet på ein annan måte. Metoden kan også ha blitt påverka av utvalet av lærebøker.

Eg har tatt føre meg ein periode som strekk seg over omlag 100 år, og har tatt føre meg 10 bøker. Desse bøkene valte eg frå mine eigne krav, og tok da dei bøkene eg følte var best egna. Eg ende opp med å vele ut 10 bøker frå desse 100 åra, og eg kan derfor ikkje seie at desse funna er ein representasjon av alle årstal eller læreplanane. Valet av lærebökene har påverka analysen og resultatet veldig, og hadde eg endra ein eller eit par bøker kunne eg fått ein heilt annan analyse og heilt andre funn. Hadde eg også tatt føre meg ein mindre periode hadde eg kunne analysert bøkene enda meir detaljert, og kunne da igjen fått heilt andre funn. Ettersom eg har valt ut 10 bøker, kan det vere enkelte detaljar eg kan ha gått glipp av eller oversett. Sjølv om eg har lest over bøkene fleire gongar. Nokre av dei tidlegaste lærebökene, har også fleire utgivingssår inne på Nasjonalbiblioteket, men da har eg valt å ta utgivingsåret som stod under "sitere" knappen. Noko av datamaterialet var også skriven med gotisk skrift, da spesielt *Norsk Haandlexikon for almennytige Kundskaber 1 & 2* bøkene, so misforståingar kan ha skjedd av ulike ord og bokstavar.

3.0 Teori

3.1 Tidlegare forsking

Innanfor dette temaet har eg funnen ein rekkje masteroppgåver og ein artikkel som omhandlar ulike delar av temaet eg tar føre meg. Dette ikkje er eit tema som er veldig forska på, derfor valte eg også å sjå på ein amerikansk oppgåve som også såg på representasjonane av afrikanske menneske, men i barnebøker.

Ein av desse masteroppgåvene er skriven av Lulama Moyo. Moyo er sjølv ein førstegenerasjons innvandrar frå Afrika, og har undersøkt korleis Afrikansk kultur blir representert i Amerikanske barnebøker og kva implikasjonar dette gir for utdanning innanfor representasjonar. Gjennom ein dokument- og diskursanalyse av biletbøker for barnehage og tidleg barneskule i ein 15 års periode, fant ho ut at det var mangelfull representasjon av Afrika og afrikanske personar i bøkene. Av dei få representasjonane og forteljingane ho fann, handla dei fleste om folklore (folkeminne), dyr, natur, slaveri, borgerrettighetskampen og livet på landsbygda. Dette synet på Afrika kalla Moyo "The Lion King ideology", der Afrika blir sett på som en førmoderne *landlighet* (Moyo, 2017, s. 18).

Ein annan masteroppgåve er skriven av Sahra Ali Abdullahi Torjussen. Torjussen tek i bruk ein kvalitativ innhaltsanalyse av tekst for å undersøkje framstillinga av kolonialisme i norske historielærebøker i samfunnsfag på ungdomsskulen. Problemstillinga hennar omhandlar korleis kolonialisme framstilla som ein del av verdshistoria, og om Noregs delaktigheit blir framstilt i lærebøkene. Analysen er prega av henna negative syn på kolonialisme, der ho analysera både det som er med i bøkene og det ho meina manglar. Funna hennar visar at det er ein del skilnadar på korleis kolonismen blir framstilt i dei ulike bøkene, der omtalar om Noregs deltaking omtalt i liten grad. Funna hennar visar at det er store delar av kolonihistoria som manglar i lærebøkene.

Lege Fred Andersen har ein todelt artikkel om "evolusjon, rasebiologi og menneskeverd". Dette er ein artikkel som belys ulike evolusjons og rasebiologiske teoriar gjennom eit etisk og medisinhistorisk perspektiv for å finne ut konsekvensane dette hadde for menneskeverdet (Andersen, 2015, s.20). Andersen skriv om blant anna etnisk medisin og brukar skallemålinga av samane som eit døme, samt om korleis slike resultat av etnisk medisin kunne føre til misbruk og feiltolkningar. Andersen brukar blant anna Legen Petrus Campersen som eit døme, som fant ut at afrikanaranes "ansiktsvinkel" var i mellom europearane og aper. Dette resultatet på etnisk medisin blei da blant anna brukt for å rettferdigjere jakt på slavar, skriv Andersen. Artikkelen går innpå ein rekkje forskjellige legar, forfattarar og teoriar, der Andersen tek med ein rekkje døme om blant anna deira rasebiologi og syn på evolusjon. Desse døma er blant anna om eugenisk medisinsk forsking av nazistane, den samiske befolkninga og evolusjonsbiologi og rasebiologisk forsking i notid og framtid. Er den "nordiske rase" framleis "best"?

3.2 - Representasjonar av Afrikanske menneske

Eg møtte på eit par problem da eg skulle finne forsking og ulik litteratur til denne oppgåva. Dei fleste historiebøkene som omhandlar tema, handlar for det meste om Amerika eller Afrika. Det er ein stor mangel på litteratur om korleis menneske frå Afrika har blitt representert og kategorisert frå 1800-talet til 1990 i Noreg. Eg sleit derfor veldig med å finne noko relevant litteratur, og måtte derfor ta i bruk litteratur som omhandla blant anna behandlinga av afrikanarar i Amerika og i Afrika for å kunne kontekstualisere. Innanfor norsk forsking, er behandlinga av afrikanarar i Noreg før i tida veldig lite forska på. Mesteparten av litteraturen som omhandla "dei andre" og behandlinga av desse, var om jødane. Sidan det er ein mangel på litteratur, har eg prøvd å gå meir inn på enkeltepisodar som hende i Noreg, som til dømes kongolandsbyen frå 1914 og menneskekaravanane som reiste rundt om i Europa. Eg vil også dra inn andre døme frå andre land, for å gi eit meir heilskapleg bilde, ettersom det er so lite informasjon om rasesynet og menneskekaravanane som var i Noreg. Eg vil også ha hovudfokus på afrikanske menneske si historie i både Afrika og i Noreg, men der det er relevant vil andre døme frå andre land også bli brukt. Eg vil også gi ein kort gjennomgang av tida før koloniseringa, koloniseringa og tida etter. Eg vil ha hovudfokus på tida etter, og mindre fokus på sjølve koloniseringa, ettersom det ikkje er like relevant for mi oppgåve.

For å gi eit betre innblikk i kva syn ein hadde på andre menneske, spesielt frå Afrika, skal eg gi ein innføring i *freakshows*/menneskekaravanane som reiste rundt i Europa på 1800 og 1900-tallet. Det er med døme frå både England, Paris og Noreg for å vise kor vanleg slike framsyningar av menneske var. Desse menneskekaravanane og døma frå sirkuset, skal eg bruke i analysen min når eg skal skrive om representasjonane av menneske, med fokus på rasesyn.

3.2.1 - "oss" og "dei andre"

Innanfor "oss" og "dei andre" diskursen er Orientalismen til Edward Said sentral. Orientalismen omhandlar vestens syn på orienten, og blandinga av det negative og positive spegelbilete vesten assosiera med orienten (Thorbjørnsrud, 2001, s. 10) Orienten blir både beskriven som eit militært og økonomisk bytte, men samtidig som ein draum, og eit sensuelt, romantisk og mystisk stad (Thorbjørnsrud, 2001, s. 10). Ein er usikker på kva land som går under orienten, ettersom fleire ulike blir nemnt i ulike tekstar, men hovudkonklusjonen er at det dekkjer området mellom Marokko og Kina (Thorbjørnsrud, 2001, s. 18). Det viktigaste trekket med kva som blir definert som orienten, er at det ligg utanfor Europa (Said, ukjent, sitert i Thorbjørnsrud, 2001, s. 19). Europa blir i denne samanhengen sett på som det positive "oss", og Orienten som dei negative "dei andre" (Thorbjørnsrud, 2001, s. 19). "Oss" har dei positive eigenskapane som "dei andre" manglar (Ytrehus, 2001, s. 12). Førestillinga om "dei andre" er ikkje noko som berre brått dukka opp, det er kulturelle konstruksjonar som står bak (Ytrehus, 2001, s. 12). Bak desse konstruksjonane var det eit stereotypisk syn på at menneske frå den tredje verda var primitive og usiviliserte, samt eigne meir spesifikke stereotypiske trekk basert på landet eller hudfargen til desse menneska (Ytrehus, 2001, s. 13). Det å sjå på desse andre menneska som usiviliserte, seier man samtidig at ein sjølv kjem frå eit område som står i kontrast med dette, ein ser dermed på seg sjølv som sivilisert (Moldrheim, 2001, s. 151). Dette gjeld også når ein omtalar andre rasar ein sin eigen

som noko dårleg eller negativt, da ser ein på sin eigen rase som noko bra og positivt. Det å bruke bilete og ulike omgrep for å beskrive dei andre, var veldig vanleg (Ytrehus, 2001 s. 11). Døme på dette er Hottentott Venus og Zulikafferan Unambyambe. Desse vart utstilte for å vise fram primitiviteten til den svarte rase, og styrke dermed den kvites rase siviliserte status.

Noko som enkelte lærebøker tek opp er blanding av svarte og kvite menneske, altså ein blanding av "oss" og "dei andre". Nokon såg ikkje på dette som eit problem, medan vart gripen av "en viss redsel" av tanken(Mjøen sitert i Grant, 1928, s. 17 frå føresida).

Borna som svarte (helst da Afrikanske) og kvite europeiske menneske fekk saman, vart før kalla for mulattar (Schackt, 2022). Enkelte var veldig i mot ein slik blanding, som til dømes Mjøen. Mjøen var ein kjemikar og Norges fremste rasehygienikar i mellomkrigstida (Skålevåg, 2023). Han skreiv blant anna at:

Det er ikke fritt for at vi (den nordiske rase) gripes av en viss redsel ved tanken på at lavere rasetyper er iferd med å invahere vårt land og ved en langsom blandingsprosess senker nasjonens fysiske og mentale nivå og påtvinger oss en kultur som er oss artfremmed. [...] for å bevare sin posisjon som en utvalgt rase, bør de nordiske nasjoner verne om sine biologiske verdier, sit organiske arvegods. [...] det (vil) ikke være mange generasjoner, før vår rase er dømt til den samme undergang som andre kulturraser før oss" (Mjøen sitert i Grant, 1928, s. 17 fra forsida)

Det å blande raser skulle ein unngå, dette for å bevare "den nordiske rases" mentale nivå og kultur.

3.2.2- Utstillingsobjekt - Europa og Noreg

Menneske har i lang tid hatt stor interesse for menneske som er annleis eller har andre eigenskapar enn seg sjølve. Slike eigenskapar er til dømes høgde, hudfarge og ulike synlege sjukdommar (Berthelsen, 2002, s. 10). Desse menneska vart før kalla *freaks*. *Freaks* blir i Berthelsen (2002) definert som eit menneske med andre eigenskapar enn det som var sett på som normalen, som til dømes annan hudfarge eller kroppslege deformasjonar (Berthelsen, 2002, s.10). Før vart desse menneska inndelt i ulike kategoriar, og vart vist fram som underhaldning frå tidleg 1800-tallet til 1940. Ein av desse kategoriane var "mennesker frå andre kulturar". Ein av dei tidlegaste utstillingane av mørke menneske frå Afrika, var "Hottentot-Venus" som vart utstilt i Paris og England i 1810-1815 (Christensen & Eriksen, 1992, s. 18). Hottentott-Venus var eit medlem av Khoekhoe folkegruppa, og fekk namnet Saartje Baartman etter eit giftemål i tidleg alder. Ho vart i seinare tid seld som slave. Sidan ho hadde ein uvanleg stor bakdel, innsåg eigaren hennar at han kunne tene gode pengar på ho, og sendte ho dermed rundt om i verda på utstilling (Britannica, 2023). Eigaren hennar fekk ho også til å opptre dyrisk, og ville vise publikum likskapane mellom ho og orangutangar (Christensen & Eriksen, 1992, s. 18). Framsyninga av "Hottentott-Venus" fortsatte lenge etter hennar død , da ho vart ein utstilling i "Museum of Mankind (Musée de l'Homme) fram til 1974 (O`Donkor, 2009). Dette kan ha vert eit forsøk på å framstille ho som "the missing link" mellom menneska og apane. Dette var ein del av evolusjonsteorien i darwinismen som ofte vart brukt for å styrke dei kvites siviliserte posisjon, og auke den afrikanske primitive posisjon.

Ein av dei fyrste folkegruppene som vart utstilt var Zulu-krigsfangar i England i 1853 (Berthelsen , 2002, s. 25). Zulu-folket blei etablert i 1709 av Zulu kaMandela, og blei på 1800-tallet den største militærmakta i Sør-Afrika under styret av Shaka. Sjølv med denne store militærmakta, tapte dei mot britane i 1879 og kom under britisk kolonimakt (Berta, 2022). Sjølv om desse menneska var store krigarar med ein rik kultur, blei dei framleis stilt ut som *freaks* i England og etterkvart utover i Europa (Berthelsen , 2002, s. 25). So spennande var desse ulike menneska, at i 1888 vart det laga eit diorama i Kristiania (Oslo) som blei brukt til desse utstillingane, samt andre smålokalar og telt rundt om i gatene (Berthelsen , 2002, s. 38, 39). For at menneska skulle verke som "ekte vare" var klede eit godt hjelpemiddel der til dømes Zulu menneska vart utstilt i dyreskinn (Berthelsen, 2002, s. 30) . Dei "eksotiske menneska" lagde gryntelydar og/eller ville hyl og brøl, fordi dette var det publikum forventa av dei (Berthelsen, 2002, s. 42). Hovudoppgåva til desse menneska var å simpelten å opptre som det stereotypiske svarte menneske, dei skulle vere merkelege, groteske og framstå som farlege for å underhalde publikum (Christensen & Eriksen, 1992, s. 18). Ein marknadsføringsstrategi sirkusa hadde var å framstille dei svarte som kannibalar med ein umetteleg trøng på menneskekjøtt, som førte til at dei vart lenka fast eller plasserte i bur. Direktørane på sirkus brukte også å hevde at dei svarte menneska hadde blitt fanga i naturen på lik linje med ville dyr (Christensen & Eriksen, 1992, s. 18). Dette synet på slike menneske kan ein også sjå i dette utdraget henta frå ein katalog frå 1876 utgjeven av direktørane Abi og Dehli Simjram:

Zulikafferen Unambyambe i Natnionaldragt, 65 tommer høi - Har spist sine Børn og sin sidste Kone: og Derfor nu rimeligvis Enkemand [...] Har på missionsskolen faet Udmerket godt for Legemsøvelser [...] Konstruert af Professor G.O Sars til Bevis for Darwinismen. Unambyambe synger flere deilige Krigs-Koraler (Abi & Delhi Simjram, 1876, sitert i Berthelsen, 2002, s. 46).

Unambyambe blir her beskriven på ein veldig barbarisk måte. Han har (i følgje teksten) spist både sine barn og kone, og vil vise tilskodarane song og krigsdans. Det er ikkje unaturleg å tenkje seg til at denne songen kom i form av hyl og brøl, sidan dette var noko som kunne vere forventa frå publikum si side. Det å stille ut svarte som "the missing link" mellom menneske og aper, var også veldig vanleg og eit godt salstriks. Dei skulle framstå som villmenn, akkurat på same måte som Unambyambe, og skulle helst ha mykje hår og både sjå og høyраст skremmande ut. Dei skulle verke so primitive som mogleg (Christensen & Eriksen, 1992, s. 18). Men korleis fekk dei tak i desse eksotiske menneska? Ettersom det var gode pengar å tene, byrja underhaldningsentrepenørane å reise til India og Afrika for å skaffe både dyr og menneske til framsyningane sine, dei måtte trossalt ha "ekte vare" (Christensen & Eriksen, 1992, s. 20).

3.2.2.1 - Karavanar og kongolandsbyen

Eit døme på dette er frå *Ringling Brothers - Barum and Bailey Circus* frå 1933. Om biletet (nedføre) er frå ein norsk framsyning, er eg ikkje sikker på, men det er framleis eit godt døme og kan gi ein betre forståing for kva menneskeframsyningane var. Ein kan sjå på biletet, nedst i høgre hjørne akkurat korleis den stereotypiske afrikanar vart framstilt i desse ulike framsyningane. Slike førestillingar om "dei andre", altså afrikanarane, byggja på ein ideologi som tener hierarkiske differensieringar mellom menneske, med den kvite rase øvst. Samtidig kan førestillinga som det andre avspeglar ulike maktforhold mellom

til dømes kolonimaktene og dei koloniserte, eller sirkusdirektørane og utstillingsobjekta (Ytrehus, 2001, s. 13)



Figur 1: fra Ringling Brothers - Barum and Bailey Circus 1933 (Berthelsen, 2002, s. 43)

Slike utstillingar vart meir og meir populære, og det vart derfor laga egne show som dei kalla "etnografiske karavanar". I karavanane var det framsyningar av eksotiske dyr og eksotiske menneske, som etterkvart byrja å utføre utstillingar som til dømes "Amoason kvinnene" og "Mahidens krigere" (Christensen & Eriksen, 1992, s. 24,25). Desse utstillingane fekk etterkvart stor politisk tyding, der kolonistane fekk moglegheit til å vise fram alt dei tok med seg frå sine reiser. Menneskeutstillingane blei da hyppig brukt for å vise fram denne prestisjen (Christensen & Eriksen, 1992, s.26). Familiar drog ofte for å sjå på karavanane, dette fordi det vart sett på som lærerikt for dei unge (Berthelsen, 2002, s. 58). Det var heller ikkje kunn svarte afrikunarar som vart ustelte på desse karavanane, men også *albinoar*, eller "isfolk" som dei amerikanske kalla dei. Dette er menneske som manglar fargepigment, og hadde derfor veldig kvit hud og hår (Berthelsen, 2002, s. 147)

Desse førestillingane hadde til tider også "jubileums framsyningar" der blant anna samar, inuittar og menneske frå Filippinene vart framsynt. I 1914 hadde Noreg også ein slik jubileumsframsyning på Frogner, Kongolandsbyen (Berthelsen, 2002, s. 47,48). Kongolandsbyen var eit stort arrangement der ein "landsby" av stråhus vart bygd for å vise korleis afrikanske menneske levde. 80 Afrikanske menneske var inngjerda i landsbyen i autentiske kleder, omringa av "autentiske" reiskapar, smykkar og våpen. Publikummarane prøvde å snakke med dei utan hell og mange strakte handa gjennom gjerdet for å gi dei mat. Kongolandsbyen skulle vise Oslo si befolkning korleis menneske i Afrika faktisk levde (Berthelsen, 2002, s. 48). Mange tilskodarar kom for å sjå på desse menneska, blant anna Aftenposten som 21.mai 1914 skreiv:

Lengst borte fra fornøielsesafdelingen kommer en til Kongolandsbyen, hvor indvaanerne er sortere paa kroppen, end et nogenlunde agtværdig menneske nogensinde kan gjøre sig haab om at blive i sjelen. Disse negre er sikkert vakseægte. [...] For geografilærere, som ynder anskuelsesundervisning, maa det

vere et ønskested. Negrene er dessuden ikke blottede for europeisk kultur. De bringer det mest flydende fransk [...] vil man glæde dem, bør man underholde dem lidt paa dette sprog. [...] Man ser dem udføre huslige sysler, danse, spille på larmede eller vemodige, violinlignende instrumenter, ser dem holde skole, drive skomager- og juvelerverksted, kort sagt man får et udmerked biledet at et liv, som er noget enklere end vort, men ikke mindre afvæxlende. [...] De er føresten meget vakte. Det askergraa islært i deres sorte hud giver dem en varm glød [...] deres barn er såde akkurat paa samme buttede maade som alle andre børn.

(Aftenposten, 1914, sitert i Berthelsen, 2002, s. 49)

Ein kan her sjå ein endring i korleis "eksotiske menneske", i dette tilfelle frå Afrika blir framstilt. I annonsen for framsyninga frå 1876 blei Unambyambe framstilt som eit menneske som har spist sine eigne born, kone og som dansar og syng krigssongar. I utdraget frå Aftenposten frå 1914 er det ein heilt anna beskriving. Menneska i Kongolandsbyen snakka flytande fransk, noko som skil seg frå hyla, brøla og gryntinga som var forventa av dei på seit 1800-talet (Berthelsen, 2002, s. 42). Det at desse eksotiske menneska snakka fransk, gjorde ofte at tilskodarane følte seg snytt, ettersom dei forventa "ville og primitive" menneske "direkte frå jungelen" (Christensen & Eriksen, 1992, s.28) Aftenposten skriv også at dei er vitne til at borna går på skule og at dei vaksne driv med blant anna skomakarverkstad. Menneska er beskriven som vakre, og barna er beskriven som " [...] såde akkurat paa samme buttede maade som alle andre børn". Dette viser ein stor skilnad på korleis Afrikanske mennesker blir beskriven. Nokre såg på dei som "søde barn" på lik linje med alle andre born, medan dei andre såg på dei som noko direkte frå jungelen. Dette viser at alle menneske heller ikkje hadde same synet på desse menneska, det som står i lærebøkene, avisene og bøkene er ikkje ein homogen meining.

3.2.2.2 - Darwinisme

Menneskeframsyningane av dei afrikanske menneska, vart før brukt som eit bevis for darwinismen. Charles Darwin sin bok "Artenes opprinnelse" kom ut 1859, so omgrepet "darwinisme" var ganske nytt i 1876 (Hessen & Lie, 2002, s. 10). Darwin nemnte ikkje mennesket som art før i slutten av denne boka, medan i boka "The descendants of man" som kom ut i 1871, er mennesket som art sentral. Han nemnar menneske som art blant andre arter, med sin nærmaste slekting blant dei menneskelege apane (Hessen & Lie, 2002, s.142, 143), strida i mot den bibelske skapingsakt. Dette stridde i mot det bibelen seier om at Gud er skaparen, og at alle stammar i frå Adam og Eva. I Bibelen (2011) står det at Gud danna verda og at han " laga alle slag ville dyr og alle slag fe og kryptet på marka av alle slag. Og Gud såg at det var godt" (1 Mos 1, 1 og 25). Vidare står det at " Gud sa: «Lat oss laga menneske i vårt bilet, så dei liknar oss!» [...] Og Gud skapte mennesket i sitt bilet, i Guds bilet skapte han det, som mann og kvinne skapte han dei." (1 Mos 1, 26 og 27). Bibelen seier at Gud har skapa menneska, darwinismen seier noko anna. Dette skilet førte til danningen av kreasjonisme. Kreasjonisme er ei trusretning som trur at verda og himmelen er danna akkurat slik som bibelen seier, og kom som ein opposisjon til Charles Darwin. (Gundersen, 2022). I magasinet "Skillings magasinet" blei det i tidsrommet 1868-1871 publisert ein artikkel med namnet "Charles Darwin" truleg skriven av redaktøren sjølv, Bjørnstjerne Bjørnsson ettersom han dreiv magasinet aleine fram til 1871 (Hessen & Lie, 2002, s. 123). Artikkelen forklara omgrepet darwinisme som følgjer:

Darwins lære [...] gaar ud paa, at de forskjellige tilverende Væsener i Dyre-og Planteriget gjennem en Række Forandringer i Tidenes Løb har udviklet sig fra ganske enkelte Arter Urdyr. [...] gjennenføres Læren følgerigtil ([...] hvad Darwin selv har udtalt) saa nedstammer alle tilhode, lige fra Mennesket til det laveste Slimdyr og de laverste Alger elle Svampe, fra et Urvæsen, der etter kan vere opstaat af Urslim, som igjen kan tænkes dannet ved en umiddelbar Omdannelse af livløse, uorganiske Stoffe (Bjørnsson, 1868-1871, sitert i Hessen & Lie, 2002, s. 123)

Dette var ein av mange tolkingar av Darwinisme, og denne tolkinga er sentral for å forstå kva Abi og Dehli kanskje meiner. Det er ikkje urimeleg å tenkje seg at Abi og Dehli meiner at Unambyambe er eit bevis på at menneske faktisk stammar frå dei menneskelege apane som Darwin skriv om i si bok. Ein annan hypotese er at Abi og Dehli tok i bruk ein blanding av oppspinn og overdriving for å promotere showa sine (Berthelsen, 2002, s. 46). Darwinismen vart ikkje berre brukt for å snakke om evolusjon, men også som eit grunnlag for å "bevise" at dei kvite menneska var betre enn dei svarte menneska. Stamtre vart laga for å bevise likskapane mellom dei svarte og aper, samt for å legitimere at den kvite rase var den beste rase (Christensen & Eriksen, 1992, s. 42,43). Mange brukte også darwinismen, og viste fram afrikanarar som "the missing link" i mellom apar og menneske (Christensen & Eriksen, 1992, s. 18). Dette vart også styrka av bibelen, som blant anna påpekta at hudfargen til Afrikanske menneske var ein straff, ofte omtalt som "Noahs curse". Ettersom kristendommen og bibelen var veldig viktig på denne tida, var også bodskapet i den viktig lærdom. Det å blande desse menneskerasane var sett ned på, noko som førte til ein "rasehygienebevegelse" som arbeida for den "reine rase" ved å kastrere personar av den "uønskt rase" (Christensen & Eriksen, 1992, s. 43). Dette synet på "den reine rase" hadde ein også i Noreg, nemleg samane" (Christensen & Eriksen, 1992, s. 44).

3.2.3 - Koloniseringa og tida fram til 1990

Frå seint 1800-tallet, hadde det vert eit kappløp om å få koloniar i Afrika, og i 1891 var nesten heile kontinentet under ulike europeiske styremakter (Simensen, 2010, s. 224,225). Før denne koloniseringa, var Afrika sett på som ein primitiv verdsdel, som igjen vart styrka av den enkle teknologien som vart teken i bruk. Eit døme på dette er blant anna at hjul og vogntransport ikkje vart teken i bruk (Simensen, 2010, s. 214). Nesten alle landa hadde eit veldig enkelt styre med tenestemenn, og dei fleste landa sør for Sahara og Etiopia tok ikkje i bruk skrift (Simensen, 2010, s. 215, 216). I lang tid blei ulike raseteoriar om deira primitivitet, brukt for å grunngjeve dette, samt grunngjeve koloniseringa av landet. Denne koloniseringa hadde stor påverknad av kristendommen og misjoneringa, og rasesynet. Ettersom det var dei kvite som var høgast i både danningstrinn og den beste menneskerasen, var det dei kvite sin rett og plikt å styre over dei primitive afrikanarane (Simensen, 2010, s. 228, 229). Europeanane lag også lengre framme i den teknologiske utviklinga og våpenutvikling, noko som gjorde at dei kunne forsvare seg når dei afrikanske gjorde motstand (Simensen, 2010, s. 230). Tida fram til 1920 var prega av ein rekke opprør, tørker, sjukdom, oppheving av slavehandelen og utbygging av moderne transportmiddel (Simensen, 2010, s. 235, 240, 251, 254). Frå 1920-1950 skjedde det ein rekke samfunnsendringar, og ein bevegar seg frå tidleg koloniperiode til kolonitid. Tida før 1920 hadde vert sterkt prega av tvangsmakt under etableringa av kolonistyra, men etter 1920 skjedde det ein endring (Simensen, 2010, s. 264). Det hende ein endring innanfor ideologisynet etter første verdskrig, der

dei tyske koloniane vart overtatt av Storbritannia, og det kom eit auka fokus på at det skulle skje ein utvikling (Simensen, 2010, s. 264). Afrika fekk ein jordbruksframgang som medførte ein befolkningsauke. Dette førte til eit større mangfald, men også fleire ulikheitar som til dømes innanfor skilet mellom fattig og rik ettersom lønnsarbeid vart innført (Simensen, 2010, s. 267, 284). Dei som var rike tente gode pengar på å låne vekk pengar med høg kreditt, og kunne ein ikkje betale tilbake, var det eigendommen dei kom etter (Simensen, 2010, s. 267). Med dette kom også eit auka hat mot dei rike, og om dei ikkje ville dele sine ressursar eller viste fram sin rikdom, kunne dei bli tiltalt for å vere heksar eller bli sosialt utstøytt (Simensen, 2010, s. 268). Det vart også eit auka fokus på skuleutbygging under koloniperioden, og ein ny verden av kunnskapsressursar, men det var framleis ikkje alle afrikanske barn som fekk gå på skulen (Simensen, 2010, s. 274, 275). I dei fleste kolonistane var det misjonærane som stod for undervisninga, og bibelen var flittig brukt (Simensen, 2010, s. 275). Nokre av dei med utdanning byrja å starte foreiningar etter eit europeisk bilete, som blant anna velgjerdsklubbar som Røde kors (Simonsen, 2010, s. 280). Det hende også ein endring innanfor religionssynet under og på slutten av denne perioden, var den afrikanske befolkninga delt likt mellom kristendommen og den tradisjonelle religionen. Det var ikkje kunn ein tradisjonell religion, men dei hadde enkelte fellestrekksom forfedretru, dyrking av naturandar og troldom. Under koloniseringa var også religionen viktig, og religiøse profetar for naturreligionen var sentrale under mange av opprøra (Simensen, 2010, s. 285, 286). Etterkvart kom det også ein afrikanisert versjon av kristendommen, som var ein blanding av den kristne tru og den afrikanske naturreligionen (Simensen, 2020, s. 290). Frå 1950 og fram til 1975 gjekk Afrika igjennom ein avkoloniseringsperiode. Dei Afrikanske menneska ønska seg medbestemming som skulle ende med sjølvstende. Ein av dei indre årsaka til ønske kom av at utdaningseliten i Afrika starta ein rekkje parti og organiserte aksjonar som la press på kolonimaktene (Simensen, 2010, s. 332). Dei ytre årsakene kom frå blant anna andre verdskrig, der Atlanterhavserklæringa frå 1941 var sentral. Den erklærte nasjonal sjølvstende som eit mål for krigen, noko som også gjaldt koloniane i Afrika (Simensen, 2010, s. 307). Nokre av koloniane gjekk inn i avtalar om eit delt demokratisk fellesskap som til dømes det fransk-afrikanske fellesskap, medan til dømes Storbritannia hadde ein gradvis overgang til sjølvstende innanfor britiske rammer (Simensen, 2010, s. 308). Nokre land, som Portugal, avviste alle krav om sjølvstende (Simensen, 2010, s. 318). Dette førte til ein væpna kamp, som ende med at det portugisiske diktatur falt i 1975 (Simensen, 2010, s. 319). Det var også ein rekkje andre krigar for sjølvstende, der FN trådde inn for at partane skulle komme til einighet (Simensen, 2010, s. 331). Etter uavhengigheita var der også ein rekkje krigar om kven som skulle styre i dei no sjølvstendige landa (Simensen, 2010, s. 340). Det hende også ein økonomisk krise, som kom av den enorme befolkningsveksten som kom på 70-tallet. Alle desse nye borna skulle ha både hus, mat og helsestell som ga landet enorme utgifter. Denne økonomiske krisa kom også av ytre årsaker. Verdsøkonomien endra seg drastisk på 70-tallet noko som gjekk hardt utover Afrika. Enkelte varar som olje sekstdobla seg i pris, noko som påverka Afrika som ikkje hadde tilgang på eigen olje (Simensen, 2010, s. 359, 360). Vareprisane til Afrika blei halvvert, noko som førte til at Afrika måtte ta opp store lån med andre land (Simensen, 2010, s. 360, 361). Samtidig som dette og borgarkrigar føregjekk, gjekk savanneområdet i nord og sør igjennom ein tørkeperiode på 70- og 80-tallet, som førte til flyktningstraumar (Simonsen, 2010, s. 362). Verda hjelpte til under denne krisa, men ettersom politikken var so sterk og borgarkriga hende førte dette til vanskar. Enkelte land brukte denne tørka, som førte til ekstrem svolt, politisk og haldt tilbake krisehjelp og mat til områder dei såg på som opprørsk (Sebø, 2016)

3.2.4 - Elendebilete

Ein undersøking gjort av Christophersen et.al (2002) har vist at dei eldre elevane i skulen "har eit nokså sterkt elendighetbilde av u-land og Afrika- og det er ikke urimelig og anta at noe skyldes innsamlingsaksjoner (både på tv og skolen), som har formidlet et hjelpetrengende bilde av "de andre" (Christophersen et.al, 2002, sitert i Bakken, 2015, s. 179). Dette har likskapar med undersøkjinga gjort av Nordkvelle og Tvete (2010) som i si analyse fant ut at dagens Afrika "[...] framstilles med en viss trøsteløshet og elendighetsbilder, [...] (og) holdningene som ytres i tekst og i bilder i stor grad egnet til å skape sympati for undetrykte, fattige, flyktninger og innvandrere" (Nordkvelle & Tvete, 2010, s. 26). Detta kan bidra med å skape ein skilnad mellom fattig og rik, der elevane i Noreg som les lærebøkene og ser dette på tv er "oss", dei rike, medan menneska i Afrika blir sett på som "dei andre" fattige (Bakken, 2015, s. 183). Enkelte oppgåver i skulen kan også legge opp til dette synet, ved til dømes å gi barn oppgåver der dei skal følge eit anna barn i eit fattig land og få eit innblikk i deira levemåte (Bakken, 2015, s. 183). Sjølv om dette er ein god oppgåve, men det bidra til å sterke elendebilete.

3.3. Kristendommen

I 1739 blei obligatoriske allmueskular oppretta for å heve det religiøse og det moralske nivået til den dansk-norske befolkninga. Skulene skulle opprettast slik "at alle og enhver, end de fattigste børn over alt paa landet kunne tiltreækkeligen undervises om Troens Grund samt Saglighedens Vey, Orden og Mideeler, efter Gudt ord og den Evangeliske Kirkes sande i Børne lærdommen [...]" (Kristian 6 instrukser i 1739, sitert i Volckmar, 2016, s. 26). Skulens viktigste oppgåve var da å lære barna å lese bibelen, og gi dei kristendommsunderviningen (Dokka, 1988, s.11). Hovudoppgåva til lærarane og skulen var å vere "middel til å vinde de unge for kristus" (Hallesby, 1912, sitert i Slagstad, 1989, s. 109). Lærarane skulle stå fram som eit godt "kristeleg døme" og skulle gjere elevane gode nok innan kristendommen slik dei kunne bli konfirmert (Volckmar, 2016, s. 27) Da konfirmasjon for alle blei innført i 1739, var kyrkjer og skulen to sider av same sak. Ein kunne ikkje gå opp til konfirmasjonen utan å ha gått på skulen. Dei som ikkje konfirmerte seg fekk ikkje gifte seg, kjøpe eigendom og fåtalet ville innsette ukonfirmerte i arbeid. Ikkje berre var kristendommen viktig for skulen, men også for det norske land. I grunnlova frå 1814 står det at " Den evangelisk-lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion. De Indvaanere, der bekjende sig til den, ere forpligtede til at opdrage sine Børn i samme." (Grunnlova, 1814, §2). Ein var ikkje berre bunden av læreplanen, men også at den norske grunnlov å lære borna om en evangelisk-lutherske religion.

Ettersom kristendommen var statens offentlege religion i Noreg, var læra om Bibelen veldig viktig. Bibelen vart derfor ofte brukt for å gje ein årsak til handlingar eller syn ein hadde før i tida, blant anna for slaveriet. Forteljinga mange brukte og framleis brukar i dag, er forteljinga om Noah og hans tre sonar: Sem, Kam (Ham) og Jafet. Forteljinga er henta frå etter flaumen:

Gud velsigna Noah og sønene hans og sa til dei: «Ver fruktbare, bli mange og fyll jorda![...]Sønene til Noah som gjekk ut av arka, var Sem, Ham og Jafet. Ham var

far til Kanaan. Desse tre var sønene til Noah, og frå dei breidde menneska seg ut over heile jorda. Noah tok til å dyrka jorda, og han planta ei vinmark. Då han drakk av vinen, vart han full og kledde av seg inne i teltet sitt. Ham, far til Kanaan, fekk sjå far sin naken, og han fortalte det til dei to brørne sine, som var ute. Då tok Sem og Jafet ei kappe og la henne over akslene sine. Så gjekk dei baklengs inn og dekte til den nakne far sin. Dei vende andletet bort så dei ikkje såg faren naken. Då Noah vakna av rusen og fekk vita kva den yngste sonen hadde gjort mot han, sa han: «Forbanna er Kanaan! For brørne sine skal han vera den lågaste av slavar! Og han sa «Velsigna er Herren, Sems Gud! Kanaan skal vera hans slave! (1 Mos 9, 2 og 18-26)

Denne historia har blitt brukt for å grunngjeve kvifor menneske med mørk hud blei slavar. Som Fee skriv i si bok "Many seem to thing the dark complexion [...] of the Negroes are badges of Noahs curse, and that their feeble intellect unfit them for freedom, that these are evidences that god designed Negroes to be slaves" (Fee, 1848, s. 19).

3.3.1 - Misjoneringa

For å spreie kristendommen vart det også sendt misjonærar til Afrika for å "predikere evangeliet til frelse og saglighet for de arme formørkede hedninger" (Christensen & Eriksen,, 1992, s. 67). Desse misjonærane som Noreg sendte nedover, sendte ein rekkje brev tilbake til Noreg, slik at den norske befolkninga kunne lese om dei afrikanske menneska sinn mangel på klede, tilbeding av ulike dyregudar og om deira primitivitet (Christensen & Eriksen, 1992, s. 67-68). Ein skulle frelse og redde desse heidningane frå fortapinga som venta dei, og fri dei frå deira "overtru". Samt ein demonisering av den afrikanske kultur og religion vart hyppig brukt som eit hjelpemiddel i kampen mot å kristne den svarte befolkninga (Christensen & Eriksen, 1992, s. 67). Trua på ånder, amulettar og magi, samt ritual for betre avlingar vart sett ned på av misjonærane, og brukt for å vise deira "primitivitet" (Christensen & Eriksen, 1992, s. 72). Trollmenn og sjarlatnerane dei hadde vart sett på som nokon løgnarar som utnytta dei godtruande afikanarane (Christensen & Eriksen, 1992, s. 74). Nokre gonger tok desse misjonærane med seg afrikanske barn heim for å vise fram "progresjonen" dei hadde oppnådd. Deira oppfatningar og brev om Afrika, hadde stor betydning på korleis menneske i Noreg såg på menneska i frå Afrika. Mange meinte det misjonærane gjorde var eit viktig arbeid, og det vart haldt mange basarar og innsamlingar for å skaffe meir pengar til dette arbeidet. Misjonærane skreiv også ulike historier om kannibalismen, og skreiv blant anna at dei åt nabostammene sine folk og om menneskeofringar for til dømes betre helse (Christensen & Eriksen, 1992, s.74,76). Det var ikkje kunn dei vaksne som kunne lese om misjonsturane, for misjonærane hadde også eit barneblad, kalla "*Missionselskabets barneblad*" (Nordmørsmusea, 2015).

Misjoneringsarbeidet gjekk ikkje plettfridd, og dei møtte mykje motstand frå afikanarane dei prøvde å kristne. Det tok heile 14 år før den første Zulu blei døypt, og misjonærane opplevde ofte at dei vart jaga vekk (Christensen & Eriksen, 1992, s. 77). Schreuder var ein av dei første norske misjonærane i Syd-Afrika i 1843, og han skriv i sine brev at han møtte mykje motstand, og vart nekta av Zulukongen å spreie guds ord til heidningane (Nilssen, 1935, s. 28,30). I 1861 kom den første misjonsskulen i Zululand, men misjonærane sleit framleis med å få afikanarane til å ta i mot Guds ord, ettersom zulukongen var i mot dette (Nilssen, 1935, s. 35). Etter ein borgarkrig på seint 1800-

tallet hadde "zuluhedensmakta" fått ein knekk, og misjonærane tok over (Nilssen, 1935, s. 58). Da dei engelske kom noko tid etterpå og erobra Zululandet vart dette sett på som ein velsigning og arbeidet med å misjonere fortsette (Nilssen, 1935, s. 59). Fyrste verdskrig førte med endringar i misjonsarbeidet, og "heidningane" begynte å gjere meir motstand og nokre vende attende til deira gamle tru (Nilssen, 1935, s. 155). Dei innfødde byrja også å gjere motstand imot dei som styrte i Zululand og ville sjølv styre (Nilssen, 1935, s.156)

3.3.2 - Kristendommen i Noreg fram til 1990

Misjoneringa haldt framleis fram, og i 1921 vart det internasjonale misjonsråd danna (Weihe, 2023). Kristendommen stod framleis sterkt i Noreg, noko som vart gjenspeila i læreplanane. Mönsterplanen frå 1923 skreiv blant anna at "alle borna skal ha kvar sin bibel" (N23, s. 9) og Mönsterplanen frå 1939 skriv at kristendomstimane "[...]skal vera grunnlag for trua og rettleiinga for livet deira" (M39, s. 24). Utover 30-tallet vaks det også fram ein rekke meinigheter i Noreg, der den mest utbreidde var *Hellige Nikolai menighet* som vart danna i 1931 av russarar som var på flukt frå revolusjonen (Huhtamäki & Serck-Hanssen, 2004, s.462) Under andre verdskrig blei det danna ein såkalla kyrkjefront, som var namnet på motbevegelsen kyrkja hadde i mot nazistane. Nazistane ville nazifisere skulen, noko som prestane og biskopane var i mot. Denne kampen vara til krigens slutt i 1945 (Elstad, 2023). Etter andre verdskrig var det forventa ein ny kristen renessanse i Noreg, i likskap med resten av verda. I etterkrigstida vart ein rekke kristne fellesskapsprosjekt som til dømes avisar *Vårt land* og kristeleg folkeparti som vart spreia utover landet gjennom Stortinget. Kristendommen fekk da både politisk og kulturell innflytelse. Det vart også arbeida for å få meir kristendom inn i skulen (Sandvik, 2019). I 1969 vedtok Stortinget ein ny lov, som bestemte at skulens kristendomsfag ikkje skulle stå for dåpsopplæringa til kyrkja lenger, kyrkja skulle no ha ansvar for denne sjølv (Sandvik, 2019). Med dette vart ein tradisjon frå 1739, som no var broten (NOU 2000: 26, s.31). Året etter kom IKO (Kirkelig pedagogisk senter) ut med ein eigen dåpsplan for heim og kyrkje. Frå 1970-tallet skjedde det ein endring mellom folket og kyrkja (Sandvik, 2019) Fleire og fleire meldte seg ut av statskyrkja, anten for å gå til andre trussamfunn eller av andre årsakar. Dette førte til ein stor auke i andre trussamfunn, med ein auke på omlag 200 000 frå 1970 til 1990. Ein av årsakene til dette var innvandring (Benum, 2020).

3.4 - Slaveriet

I dette delkapittelet skal eg ta føre meg slaveriet og slavehandelen. Fyrst vil eg gi ein gjennomgang av korleis omgrepene slave og slaveri vart definert på 1800-tallet. Dette for å gi ein historisk kontekstualisering, ettersom dette var definisjonar på kva dei meinte ein slave og slaveriet var før. Vidare vil eg gi ein meir historisk vinkling av slavehandelen, og korleis det var å vere ein slave i Europa.

Slaveriet og slavehandelen er ein stor del av afrikansk historie, men kva er eigentleg ein slave? Ettersom eg ser på bøker frå 1800-tallet, er det relevant å vite kva definisjon som kan ha blitt lagt til grunn for omgrepene "slave" i desse lærebøkene. Dr. Johnson skriv at ein slave er følgjande:

Slavi or Slavonians, who were subdued and sold by the Venitians and signifies one emancipated or sold to a master [...] Slavery, The Latin mancipium, from which the word emancipated is derived, signifies (1) property, or right of perpetual possession as lands, (2) a slave (Dr. Johnson, sitert i Fee, 1848, s. 13)

Slave blir her av Dr. Johnson beskriven som ein person som har blitt seld til ein "master" som ein eigendom. Han bruker ikkje omgrepene person, men eigendom. Dette heng saman med ein liknande forklaring av Fee (1848) som skriv at:

A slave, then, is one who, without his consent, is held as property, before and after he is of age - during lifetime: and that in such a manner that he may acquire nothing, possess nothing, nor do any thing, either for himself, his wife, his family, his church, his country, his God, but with the consent of his master(Fee, 1848, s. 13)

Definisjonane over er amerikanske definisjonar, men noko som eg ser på som relevant da dei gir gode forklaringar på kva ein slave er. Eg har også henta inn ein annan definisjon frå seint 1800-tallet på kva sjølve slaveriet var. I følgje "Norsk Haandlexikon for almennyttige Kundskaber. 2: K-R" frå 1888 blir negerslaveriet blir definert som:

Negerslaveri har i den nyere tid veret den mest udbredte form for slaveri og har især hersket i Amerika, Saavel i Nord som Sydamerika, og paa de vestindiske øer. Negerslaverne udførtes fra Afrika og har i Amerika gjenstand for formelig handel. Allererere i forrgie aarhundrede hævede mange røster sig mod denne grove krænkelse af menneskerettighederne, og flere europæiske magter afskaffede negerslavereiet i sine kolonier: det vedblev imidlertid at bestaa saavel i de fleste spansk-amerikanske lande som i de Forenede Stater, indtil negrenes emanicipatioin d.v.s deres sidestillen med dens hvide befolkning, ved den store amerikanske borgekrig (de Forende Stater) blev gjennemført. Nu forekommer negerslaveriet væsentlig kun paa Kuba og nogle andre der i Vestindien (s. 580)

I siste setninga på sitatet over, kan ein sjå at det framleis skjer *negerslaveri* i enkelte deler av Kuba og Vest India. Denne definisjonen har likskapar med Dr. Johnson si definisjon som seier at slavar blir sett på som ein eigendom som kan bli seld Sjølv om Amerika, som var ein stor del av slavehandelen, sa at dette var ein ulovleg handel og noko som vart sett på som piratskap med dødsdom, var det mange som tok del i handelen (Fee, 1848, s. 6)

3.4.1 - Slavehandelen

Slavehandelen er eit tema som går igjen i lærebøkene, derfor vil eg her gi ein kort oppsummering på kva den gjekk ut på, kort om behandlinga av slavar og arbeidet dei utførte. ettersom det var store skilnader på korleis ein europeisk slave og ein amerikansk slave vart behandla, og skulebøkene for det meste kunn har fokus på dei amerikanske slavane, er det sentralt å gi eit lite innblikk i skilnadane, samt kva slavehandelen eigentleg var.

Det var ikkje før andre halvdel av 1600-tallet at den transatlantiske slavehandelen eksploderte. Hovudårsaka til at den transatlantiske slavehandelen byrja var koloniseringa av Amerika. Urbefolkinga i Amerika, det som ein tidlegare kalla

indianarar, tolte ikkje sjukdommane europearane tok med seg, eller tvangsarbeidet (Simensen, 2010, s. 132, 133). Mange døydde, og plantasjeeigarane trengte derfor ein billig og sterk arbeidskraft. Afrika kom da opp som eit alternativ, og handelen byrja. Ein av årsakene til at dei valte ut afrikanarar, var at dei tolte dei europeiske sjukdommane betre ettersom dei lenge hadde vert utsett for sjukdommane ettersom dei lenge hadde vert i kontakt med europearar (Simensen, 2010, s. 132, 133). Gullkysten, også kalla den såkalla slavekysten, blei handelen sitt hovudområde (Simensen, 2010, s. 137). Det var dei europeiske stormenna og afrikanske høvdingane sitt ansvar å transportere slavane til kysten, der dei vart brennmerka og lasta opp om bord på skipa (Simensen, 2010, s. 142). Skipa som slavane vart lasta ombord i var tronge, og for å unngå at "varene" døydde, hadde dei fleste skipa med seg eigne legar som skulle bidrege om "varene" vart sjuke og reinslegheit var veldig viktig (Gøbel, 2017, s. 216, 211). Sjølv med lege ombord og fokus på reinslegheit var det mange som døydde på reisa over, anten av sjukdom, fluktforsøk eller sjølvomord (Simensen, 2010, s. 142). For å få kjøpt slavar, måtte ein ha eit bytemiddel. Dei vanlegaste bytemiddela var våpen, tøyjer, alkohol, tobakk og metallvarer (Simensen, 2010, s. 136). Behandlinga av desse slavane var grusamme, dette kan ein sjå i utsegnet frå ein slave som hadde namnet Olaudah Equiano (ca 1745-1801) : "jeg hadde aldri blant noen mennesker sett slike eksempler på brutal grusomhet. Ikke bare mot oss svarte, mot noen av de hvite selv" (Equiano, ca 1745-1801 sitert i Halvorsen & Atle, 1993, s. 38). Da skipet kom til Amerika, blei slavane sold til ulike sukker-, tobakk- og kaffe-plantasjar. Desse varane vart til slutt frakta tilbake til Europa og sold (Gøbel, 2017, s. 199). Dette handelsmønsteret forma ein trekant, derav navnet trekanthandelen. Da slavane var sold til sine nye eigalarar, vart dei sett på som eigendom, lovleg. I *Laws of South Carolina* står det: "Slaves shall be deemed, sold, taken and reputed to be chattels personal in the hands of their owners and possessors, their executors, administrators and assigns to all intents, constructions and purposes whatsoever" (*Laws of South Carolina*, s. 22, sitert i Fee, 1848, s. 14) Noko eg synes er interessant her, er at landet som har lovar som seier at slavar er eigendom, hadde også ein lov som sa at slavehandelen var ulovleg og vart sett på som piratskap med dødsdom (Fee, 1848, s. 6) Det er da ikkje umogleg å tru at dette kan ha forvirra menneska som dreiv med dette. Samt at framsyninga av dei primitive og ville menneska, vart brukt for å styrke eget lands sine moralar, og skape frykt for at andre rasar skulle komme inn i landet å endre verdiane og haldningane deira. Bibelen og historia om Noah og Kaanan vart også brukt som legitimering, ettersom "negroes are badges of Noahs Curse, and that their feeble intellect unfit them from freedom, and that these evidences that God designed the Negroes to be slaves" (Fee, 1848, s. 19). Slaveriet hald fram til 1865 da det vart ulovleg i USA, men hald fram nokre stadar fram til 1900-tallet.

3.4.2- "På mote" i Europa

I Europa på 1600- til 1700-tallet, var det "på mote" og luksus å ha tilgang til svarte slavar. Dei kvite som levde i koloniane levde i det mange ville sett på som luksus, der både mann, hustru og borna hadde sine eigne slavar. Kunn dei med kontaktar innanfor koloniane fekk tak i slike slavar, noko som førte til at det å ha ein slave vart sett på som eit statussymbol. Desse slavane utførte ikkje fysisk arbeid som slavane på bomullsmarkane, men fungerte meir som ein butlar som skulle skjenke vin, tenne sigarar og servere kaffi og te (Christensen & Eriksen, 1992, s.9). De europeiske slavane var ofte utstyrt i fine drakter eller eksotiske plagg som turban, dette for å bli brukt som eksklusive pyntegjenstandar (Christensen & Eriksen, 1992, s. 12). Ettersom fleire slavar

kom til det kristne landet Noreg, var det viktig at dei blei døypt slik dei slutta å vere "heidningar" og kunne bli eit menneske. I norsk folketru på denne tida var det dåpen som skilte menneska frå dyra og overnaturlege vesen som t.d. huldra og nissen (Christensen & Eriksen, 1992, s. 13).

4.0 Analyse og drøfting

I denne analysen har eg ein rekkje underkategoriar. Desse underkategoriane: *Hottentott, heidningar, neger, primitiv og buskmenn*. Den andre kategorien omhandla slavehandelen. Eg vil her undersøkje om slavehandelen og synet det skapte av slavar kan ha påverka korleis afrikanske menneske blei representert i lærebøkene. I denne analysen vil mitt forskingsspørsmål som omhandla korleis læreplanen kan ha påverka kva som står i lærebøkene om Afrika, ikkje ha eit eige kapittel eller analyse. Forskingsspørsmålet vil heller bli brukt for å sette lærebøkene litt meir i perspektiv og for å prøve å forklare kvifor enkelte tema er med i lærebøkene.

4.1 Representasjonen av menneske

I dette analysekapittelet skal eg undersøkje forskingsspørsmålet "korleis klassifiserast afrikanarar som menneske, og kva slags syn kan ligge til grunn for desse kategoriane?". Eg vil ta føre meg dei ulike kategoriane og klassifikasjonane av dei afrikanske menneska, og knytte dette saman med teori, lærebøkene og læreplanane.

4.1.2 - Heidningar og misjonsarbeid

Den fyrste norske læreplan fekk navnet "*Udkast av skoleplaner for folkeskoler paa landet*" (USFPL). Kristendommen hadde ein sentral del i læreplanen, og det var obligatorisk at elevane skulle igjennom både "morgen-aften og bordbønner" (USFPL, 1890, s. 8). Skulen og lærarane skulle vere "eit middel for å vinde unge for kristus" (Hallesby, 1912, sitert i Slagstad, 1989, s.109), og eit av hjelpebidila ein da kunne da i bruk var å skape eit heidensk bilet av andre religionar. Omgrepet "heidning" kjem frå ordet hede, som betyr utkant, og vart brukt om menneske som var ikkje-kristne før i tida (Løøv, 2022).

I lærebøkene er omgrepet heidning eit gjennomgåande omgrep som blir brukt når det blir skiven om andre religionar. Dette skjer ofte i ein samanheng av gjennomgang av anten verdsreligionane eller under Afrika kapitla i bøkene. Heidning omgrep blir mest brukt i dei tidlegaste bøkene fram til 1929, men blir også nemnt som eit døme i Ertesvaag et.al si bok frå 1988. Men kva seier bøkene?

Horn skriv at "de kristne, jøderne og mohammedanerne tilbeder en gud: men endu er over halvparten af jordens befolkning hedninger" (Horn, 1892, s. 63). Han skriv tidlegare at "Den mohammedanske religion er utbredt over hele Nord-Afrika. Næsten alle negre er hedninger" (Horn, 1892, s. 47). Dette har likskapar med det Reusch (1893) skriv i si bok "Paa mange guder tror hedningene" og at "forresten er beboerene afgudsdyrkere og mere eller mindre sorte. Man kalder dem negere" (Reusch, 1893, s. 56, 43). Her har forfattarane ein ganske lik definisjon, der Horn seier at heidningar er dei som ikkje trur på ein gud, og Reusch (1893) seier at heidningar trur på fleire gudar. Reusch (1893) sin definisjon som seier at heidningane har fleire gudar, har likskapar

med det Eriksen (1910) skriv i si bok “[...] De kristne, jøderne og mohammedanere tilbeder en gud [...] størstedelen av jordensbefolkning er endu hedninger. Den viktigste hedenske religion er Buddhalæren i Bakindien” (Eriksen, 1910, s. 65). “Buddhalæren” skill seg frå dei andre religionane ved at religionen ikkje har ein hovudgud, men fleire “supernatural beeings” som ofte blir omtalen som gudar (*National Geographic Society*, 2023) I datidas auge vil eg tru at dei kvite europearane såg på desse “supernatural beeings” som fleire gudar. Eriksen (1910), Horn (1892) og Reusch (1893) er med dette einige om at ein heidning er nokon som trur på fleire gudar. Årsaka til at det var viktig at elevane kunne skilnaden på kristendommen og heidenskap, kan ha kommen av kristendomsfokuset i læreplanen. Dette fokuset og viktigeita kjem godt fram i målet der “lærerene maa stedse med kristendomsndervisningen have for øie, at hvad børnene lærer av Guds ord, lærer de som grund for sin tro og regel for sitt liv” (*USFPL*, 1889, s. 10). Samt står det at bibelen “bør derhos jevnlig benyttes ved undervining i kristendomskundskap” (*USFPL*, 1889, s. 9). Bibelen som var eit viktig reiskap. Reusch (1893) skriv også i si bok at dei er “afgudsdyrkere”. Det å kalle dei for “afgudsdyrkere” kan ha samanheng med synet dei kvite europearane hadde på religionen til menneska i Afrika. Det å tru på ånder, amulettar, ha ritual og bruke magi for å få ein god jakt var ein stor del av den tradisjonelle religionen i Afrika. Det å tru på ritual, og det å ha trollmenn vart sett ned på. Det var også ryktar om at desse afrikanarane tok i bruk ulike menneskeofringar for å til dømes få betre helse, kan ha sammanhang med at dei er “afgudsdyrkarar” og det store ønsket om å få denne religionen vekk. Det med kannibalisme og menneskeofringar var på denne tida kunn eit rykte spreia av misjonærane. Ettersom dette var ein annan tru enn den kristne, og var noko annleis, det var heidensk. Det står ikkje noko om denne religionen i dei tidlegaste lærebøkene, kan vere fordi det var noko dei såg ned på og av at det var viktigare at elevane heller lærte om kristendommen. Det kan ha vert et forsøk på å skilje “oss” som den gode kristen, frå “dei andre” afgudsdyrkarane.

Både i lærebøkene og i ulike magasin kan ein lese om verdas og Noregs arbeid innanfor misjoneringsarbeid. Lærebøkene skriv om dette arbeidet på ein veldig positiv måte, men nemnar ikkje korleis dette arbeidet gjekk føre seg. Det er kunn ein av lærebøkene frå denne læreplanen som skriv om misjoneringsarbeida. Same forfattar skriv også om det i si lærebok frå 1929. Dette at elevane skulle lære om ulike land, står det også om i læreplanen frå 1889 der elevane skal lære “fædrelandets historie [...] i forbindelse hermed samt med undervisingen i bibel-og kirkehistorie og i jordbeskrivelse gjøres børnene bekjendt med de for verdensudviklingen betydningsfuldeste begivenheder i andre lande” (*USFPL*, 1889, s. 13). Misjoneringsarbeidet kan da bli tolka som ei “betydningsfuldeste begivenheder i andre land”. Dette med misjoneringsarbeidet er det kunn ein av tre forfattarar som skriv om i si bok. Det kjem da her tydeleg fram at ulike tolkingar av læremåla, kan føre til ulik stoff i lærebøkene. Det at Reusch (1893) kan ha sett på dette som viktig, og dei andre kan ha sett på det som uviktig, kan ha kommen av eigen interesse og eigen tolking. Reusch (1893) skriv i si bok at “Kofferne er navnet paa en folkestamme i disse egne. Et folk blant disse er suluerene: til dem er det udsendt misionærer her frå Norge (Reusch, 1893, s. 43; Reusch, 1929, s.60). Han skriv so i Madagaskar kapittelet at “beboerene har for en stor del antaget kristendommet. Ogsaa paa Madagaskar er der norske missionærer” (Reusch, 1893, s. 43). Her skriv Reuschs (1893) om Noreg som misjonærar, og at store delar av Afrika har “antaget kristendommet”. På kva måte dette arbeidet har hendt, skriv han ingenting om. Det verkar som at dei kristne misjonærane får eit veldig “heroisk” bilet som har klart å redda nokre av heidningane til kristendommen. I same boka er det også ein forteljing

som Stanley si reise i Afrika, som også går igjen i 1929 boka, som også har eit veldig "heroisk bilet". I boka står det "På nordsiden boede en mægtid negerkonge med navn Mtesa. Han modtog Stanley godt og let seg undervise i kristendommen" (Reusch, 1893, s. 44). Desse beskrivingane gir eit syn på misjonærane som snille og hjelpende. Det at ein mektig negerkonge lot seg undervise i kristendommen, gir eit ganske fredeleg syn på misjoneringa som gjekk føre seg. Dette kan da bidra med å gi elevane eit litt forvridde bilet, ettersom misjonærane i realiteten brukte omlag 14 år på å kristne den første Afrikanar, i dette tilfelle ein Zulu (Christensen & Eriksen, 1992, s. 77). Det kan gi eit bilet på at Afrikanarane lett kunne bli overtalt eller var dumme. Dette er også syn som eg vil komme tilbake til seinare i min analyse.

Desse misjoneringsturane og det heidenske synet på Afrika, kan ein også sjå går igjen i Reusch si lærebok frå 1929. Dette kan ha kommen av at læreplanen framleis hadde eit kristendomsfokuset og hadde ein del likskapstrekk med den i frå 1889. Det står blant anna at "barna må ha hver sin bibel" (N23, s. 9), og "[...] det barna lærer i religionstimen, skal de lære til grunnlag for sin tro" (N23, s. 9). Han skriv også her om arbeidet misjonærane gjorde, og skriv nokre gongar ordrett det same som i 1893 boka. Han skriv også at "hedningsfolket har ofte mange guder [...] Misjonærer er sendt ut over hele jorden for å omvende de folk som ikke er kristne" (Reusch, 1929, s. 76). Her skriv han meir om kva dei faktisk gjorde, dei omvenda dei folk som ikkje er kristne. Fokusset på misjoneringsarbeidet kan ha kommen av at elevane skulle ha kunnskap om "Bibelskaper og misjonsskaper. Kirkelig arbeid i de enkelte menigheter" (N23, s. 9). Slikt kyrkjeleg arbeid kan ha vert misjoneringsarbeidet som hende i ulike land, som til dømes kristning. Eit døme han gir om ein slik kristning er ved historia om Sam som var ein afrikansk gut som vart sold som slave. Han skriv følgjande "[...] Kapteenen hadde han som kahyttsgutt, lærte ham å tale norsk, underviste ham i kristendommen og fikk ham døpt av en sjømannsprest i London" (Reusch, 1929, s. 88). Ein slik dåp ville da gjere at Sam ikkje lenger var ein heidning, og kunne bli eit menneske, ettersom dåpen skil menneska frå dyra og overnaturlege vesen (Christensen & Eriksen, 1992, s. 9). Det at elevane skulle lære om misjoneringsturane, kan også ha samanheng med læreplanmålet "[...] de hendinger i verdeshistorien som har hatt med å si for vår egen historie" (N23, s. 38). Det kan også gå under målet "[...] Når fremmede land blir gjennemgått, bør de aller viktigste trekk av vedkommende lands historie blir fortalt - læreren får i hvert enkelt tilfelle avgjøre hvad og hvor mye han skal ta med" (N23, s. 46). Det at elevane skal lære om dei aller viktigaste trekka i vedkommandes lands historie, kan knytast til det Reusch (1929) skriv om misjonærane, som framleis arbeida med å kristne heidningar. Ein kan også spekulere på om det med misjonering og heidenskap kan ha blitt sett på som "det aller viktigaste trekk" av Afrikas historie.

4.1.2.1 - Frå heidning til naturreligion

Afrikanske menneske gjekk lenge under kategorien "heidning" og det var ikkje før på 1970-1980 - talet at lærebökene byrja å komme med forklaringar på kva deira religion eigentleg gjekk ut på. Eine boka har også med eit døme der ein kan sjå erobringa frå auga til nokon andre enn den "kvite erobrar".

Noko av det fyrste som møter lesaren i Rødevand et.al (1970) er eit bilet av ein figur. Dette biletet blei nok brukt for å gi elevane ein visuell representasjon av noko dei aldri hadde sett før, "spiker-fetisj". I biletteksten står det "Spiker-fetisj: spiker hadde en stor verdi for de negrene som i sin tid laget denne figuren. Nå er den utstilt på etnografisk museum i Oslo" (Rødevand et.al, 1970, s. 94)". Om ein kunn leser denne biletteksten og ser på biletet med dagens auge, kan ein begynne å lure på kva forfattarane meiner med "Spiker-fetisj". Leser ein derimot heile teksten gir forfattarane ein god forklaring. Eg har valt å ta med dette som eit døme på kvifor ordfolkaringane i teksten er såpass viktig når elevane møter eit omgrep for fyrste gong. I teksten står det:

Andre kunstneriske arbeider frå Afrika er fetisjer og masker skåret i tre. Fetisjene er ofte menneskelignende figurer. Man tok dem med på jakt for å bytte - eller ut på åkrene for å oppnå god avling. Noen av fetisjene tilhører medisinmenn og øker deres troldomsmakt (Rødevand et.al, 1970, s. 92, 94)

Denne spiker-fetisen er altså ein menneskeliknande figur som er ein del av naturreligionen og som kunne bli brukt for å få betre avling eller ein god jakt. Om denne eller ein annan fetisj kan ha blitt brukt da dei kvite europearane kom til Afrika er ikkje usannsynleg. Men kva tenkte dei afrikanske innbyggjarane når dei kvite kom til Afrika. Eit utdrag frå R. Slade; *King Leopolds Congo* skriv som følgjer:

Våre forfedre levde på Lulalabsletta. De trivdes der. De hold krøter og dyrket korn og banana. Plutselig en dag fikk de se et stort skip på gavet. Hvite menn kom opp frå sjøen. De snakket slik det var umulig å forstå dem. Våre forfedre var redde for dem. De trodde det var Vumbi, ånder som kom tilbake til jorda. Våre forfedre drev de hvite mennene tilbake med piler. Men Vumbi spydde ut ild. De dundret som roden. En mengde mennesker ble drept, og våre forfedre flyktet. Høvdingen og spåmennene sa at disse Vumbi hadde eid landet før (R. Slade: *King Leopold's Congo*, u.d, sitert i Rødevand et.al, 1970, s. 94)

Dette er ein forklaring på kva dei trudde dei kvite menna var, nemleg ånda Vumbi. Desse kvite åndene kom på land og "spydde ut ild", noko eg vil tru anten styrka religionen eller svekka den. Om det førte til at dei gav fleire ofringar, eller mista trua står det ingenting om. Ein mogleg forklaring til at nokre av afrikanarane også villig tok i mot kristendommen kan ha kommen av at dei trudde det var ånda Vumbi, men dette er berre ein hypotese. Denne forteljinga kan ha blitt tatt med av forfattarane slik at elevane skulle "[...] få lesa og høre forteljingar og skildringar om land og folk, skildringar som vekkjer fantasien til borna og gjer opplæringa levande og interessant" (M39, s.102).

Det er ikkje før på 1980-tallet lærebökene gir eit djupare innblikk i kva naturreligionen eigentleg er: "I vår tid er det særleg tre religionar som dominerer i Afrika. Det er naturreligionane, kristendommen og islam. Naturreligionen er eldst (Ertesvaag et.al, 1988, s. 205). Kristninga som gjekk føre seg tidlegare på 1800- og 1900-tallet har satt



Figur 2: "Spiker-fetisj" (Rødevand et.al, 1970, s.94)

sine spor, og kristendommen har blitt ein av hovudreligionane i Afrika. Boka gir ein forklaring av kva ein naturreligion er og har med eit bilet:

Som oftast finst det fleire gudar i kvar religion. En høgguden står over dei andre. I somme religionar trur folk at høgguden bur i himmelen. I andre religionar bur han i sola eller på månen. Han kan vise seg gjennom lyn og tote. Høgguden har skapt menneske og dyr, og han har gitt dei levereglane som menneska skal følge. Ein av dei viktigaste levereglane er at menneska må ta godt vare på dei landområda dei har fått, slik at dei kan gi dei vidare til etterkommarane. [...] Som andre religionar ber folk til Gud. [...] Dei andre gudane har særskilte oppgåver, Ein gud har med jordbruk og jakt å gjere, ein med sjukdom og ein annan med kjærleik. I naturreligionane spelar dei døde og dei ufødde ei viktig rolle. De døde lever med i livet til folk som ånder som passer på at dei regalane gudane har gitt, blir følgde. Her har medisinmannen og hovdingen ei viktig oppgave. Han skal halde kontakten mellom gudane og dei levande, for menneska kan som regel ikkje sjølv vende seg til gudane [...] det finst både gode og onde ånder. Det gjelg å ta godt vare på dei gode åndane. Det kan ein gjere ved å gi offer (Ertesvaag et.al, 1988, s. 206)

Desse døde åndene kan kanskje vere den same typen fenomen som dei åndene ein kalla Vumbi. Dette er også den fyrste læreboka eg har sett på som har med eit bilet av heksedoktor, spåmann, trollmann og regnmakar. Det er også tilsvarende oppgåver "Kva for religion hadde nordmenn før vi fekk kristendommen? Er det nokon likskapstrekk mellom denne religionen og naturreligionen til afrikanarane? (Ertesvaag et.al, 1988, s. 206). Årsaka til at denne læreboka går so i djupna på naturreligionen, kan komme av det auka fokuset i læreplanen der "Undervisninga skal ta sikte på å gje elevane kunnskap om ulike livssyn, religionar og etiske problemstillingar" (M87, s. 120). Samt so skal elevane lære om "likeverd mellom ulike grupper, sosialt, kulturelt osv. Toleranse og respekt, motverke rasistiske haldningar" (M87, s. 217). Det at elevane lærar om denne religionen kan gjere at dei utviklar toleranse og respekt ovanfor den, og dei får også kunnskap om ulike livssyn og religionar. Dette kan vere årsak til at Ertesvaag et.al valte å skrive om dette i si lærebok.

Det har kommen ein endring i ordvalet som blir brukt om den Afrikanske kulturen. Ein har gått i frå å sjå på det som ein heidensk kultur som ein må redde dei stakkarslege afrikanarane i frå, til å kalle det ein naturreligion med tilhøyrande forklaring. Men kvifor er det ein endring i korleis ein skriv om den afrikanske naturreligionen? Dette kan ha kommen av avkoloniseringa som hende for fullt i Afrika på 1960- og 1970-talet. Fleire og fleire av landa vart sjølvstendige, og religionssynet endra seg i Afrika. Fleire gjekk attende til den tradisjonelle religionen under kolonitida, der ein av desse var naturreligionen. Religiøse profetar innanfor den tradisjonelle religionen hadde også vert sentrale i mange av opprøra mot kolonistane, noko som kan ha ført til eit auke innanfor desse religionane. Avkoloniseringa kan også hatt noko å seie, ettersom det var høgt utdanna afrikanarar som stod bak aksjonane og partia som bidrog til å få ein slutt på koloniseringa. Det kom med dette eit nytt syn på



Figur 3: "Heksedokterar, spåmenn, regnmakarar og andre trollmenn syter for kontakt med gudane" (Ertesvaag et.al, 1988, s. 206)

afrikanarane, og deira religion kom også meir og meir inn i bøkene. Dei var ikkje lenger so stakkarslege. Menneskerettsfråsegna kan også ha spelt inn, ettersom dette var grunnleggjande rettigheitar som skulle bidrege til å unngå diskriminering basert på til dømer religion og nasjonalitet. Denne erklæringa kom ut i 1948, men det er ikkje usannsynleg at det også kan ha spelt inn i endringa her. Ein kan sjå at det er ein tydeleg skilnad frå å bli beskriven som "afgudsdyrkaran" og nokon ein måtte redde, til å skrive om naturreligionen som ein heilt vanleg religion som elevane skal ha kjennskap til. Fokuset er ikkje lenger å endre religionen, men å få eit betre innblikk i religionen og gi elevane ein fordomsfri haldning til andre religionar enn sin eigen. Ein har gått i frå å ha kunn fokus på kristendommen og å "vinde unge for Kristus", til at "undervisninga skal ta sikte på å gje elevane kunnskap om ulike livssyn, religionar og etiske problemstillingar" (M87, s. 120).

4.1.3 - Neger

Omgrepet *neger* er det mest brukte omgrepet som blir brukt i lærebøkene når det er snakk om den svarte befolkninga i Afrika. Omgrepet blir for første gang omtala i Horn si bok frå 1892, og sist omtala i Hjelle og Skinningsrud si bok frå 1977. Om omgrepet blir definert eller berre brukt i setningar som omhandlar Afrika, skil seg frå bok til bok. Omgrepet blir altså omtala i lærebøkene i omlag 85 år, men kva kan vere bakgrunnen til dette, og kva er eigentleg ein *neger*?


I boka "*Norsk Haandlexikon for almennyttige Kundskaber. 2 : K - R*" frå 1884 blir *neger* definert som:

Neger (niger) benæbnelse paa de sorte beboere af Afrika. De stilles ifølge alle etnografiske systemer fra den andre folkestammer som en særegen Race og har i det hele meget bestemte Racefiendetegn- De hører til de stjævtannede langhoveder og staar saaledes ved siden av babuerne paa et forholdhvis lavt trin av utvikling. Deres Benbygning er i almindelighed særdeles stærk og massiv, navnlig er hjerneskallen tyk og haard. Hodet det er sammentrygt fra siderne, ansigtet som følge deraf er forholdsvis langt og smalt: dets nedre partier er mere fremstraande end hos europæerne, og ansiktsvinkelen er hyggig kun libet over 70 (0). Næsen er bred, tyn og flad, med store næsebor. Munden bred med tykke læber. Skjægverten er i almindelighed meget svag: haaret er uldkruset og av ca 8 centimeters længde. Hudener mere eller mindre dybt sort, fløielsblød og uddufter [...] en ubehagelig lugt. Negertypen er i udpræget skillelse overordentlig hæslig: men kun paa forholdsvis faa steder optræder den i fuld renhed mest i de hede lavlande i det indre Afrika. Negrene deler sig i et meget stort antal stammer med inbyrdes forskjellige sprog [...] (*Norsk Haandlexikon for almennyttige Kundskaber 2: K-R*, 1884, s. 580)


Dette er eit gammalt leksikon som vart utgjeven i Noreg i 1884. Denne definisjonen vil da vise kva dei norske på denne tida meinte ein *neger* var og korleis dei såg ut. Dette med å ta i bruk deskriptive definisjonar når ein omtalar *negrane*, var også noko som gjekk igjen i dei ulike lærebøkene, etterfølgt av eit biletet slik at ein kunne sjå korleis dei såg ut. Dette var for å gi elevane ein visuell representasjon av noko dei aldri hadde sett før, vertfall i dei tidlegaste åra. Men kva er årsaka til definisjonen og synet, og kvar stammar det i frå?



Figur 4: "En neger" (Horn, 1892, s.64)



Figur 5: "Neger" (Reusch, 1893, s.43)



Figur 6: "Kvinne fra Øvre Guinea" & "Papua (Fidji-høvding)" (Eriksen, 1910, s. 65)

4.1.3.1 - Framstillinga av ein *neger* i lærebøkene

Over her er det tre ulike biletet som blir brukt i tre ulike lærebøker for å vise kva ein *neger* er. Alle desse tre bøkene har også eigne kapitel om dei ulike menneskerasane, der biletet og teksten hører til. I Horn si bok står det "negrene har sort hudfarve og store tykke læber, haaret er sort og kurset som uld. De bor i Afrika og Amerika" (Horn, 1892, s. 64). Liknande beskrivingar gir også Reusch (1892) "Forresten er beboerene [...] mere eller mindre sorte. Man kalder dem negere" (Reusch, 1892, s. 43). Til begge desse utdragene tilhøyrer biletet vist over, dette for å gi ein visuell representasjon av kva dei skriv om. Dette kan også vere fyrste møtet elevane har med omgrepene *neger*, og korleis dette omgrepet blir introdusert for elevane, vil ha betydning for vidare utvikling av omgrepene i seinare tid. Omgrepene blir også definert i Eriksen (1910): "negrene i Afrika og Amerika har et langstrakt hode, som er sammentrykket fra siderne, bred og flat næse, fremstaande kjæver, tykke læber, meget mørk hudfarve, sparsom skjegvekst, og sort, uldaglig kruset haar [...]" (Eriksen, 1910, s. 65,66). Den siste definisjonen blir skriven om i same kapittel som "den kvite rase", og her er definisjonen noko heilt anna. Den kvite rase er "folk (som) har ovalt ansigt, høi næse, lys eller brunlig hudfarge, bløtt haar: mændee har sterkt skjegvekst.". (Eriksen, 1910, s. 65,66). Her er det eit tydelig skilje mellom "oss", den kvite europærer, og "dei andre" mørke afrikanarane. Dei kvite blir beskriven med positive egenskapar som "høi nese og sterkt skjegvekst", medan dei Afrikanske har fått karakteristikkar som dei på denne tida såg på som negative som "bred og flat nede, fremstaande kjæver og sparsom skjegvekst". Det positive "oss" og det negative "dei andre" er sterkt her. I læreplanen frå 1889 som gjeld for desse bøkene, står det ikkje noko om at elevane skal vite kva ein *neger* er eller noko om menneskerasane. Ein kan derfor prøve å sjå på kva samfunnet på denne tida seier. Ein mogleg årsak kan vere bibelen og kristendomsfokuset. Bibelhistoria om Noah og hans søner blei brukt før for å grunngjeve behandlinga av *negre*, og brukt som årsaksgrunnlag

for slavehandelen. Ettersom bibelen var eit veldig viktig læremiddel i denne tidsepoken, er det ikkje usannsynleg at historia om Noah vart brukt i ein skulesamanheng. Forteljinga om "The curse of Ham" også kalla "Noahs curse" går kort fortalt utpå at sonen til Ham, Kaanan, vart dømt til å bli mørk (i dei eldste tekstane) og blir forbanna til å bli slave, av Noah da Ham gjorde narr av Noah naken. Her blir Noahs forbanning, slaveri og svart hudfarge assosiert med kvarandre, og blir sett på som ein straff frå gud. Dette vart også styrka av synet som ein hadde før om at "god designed Negroes to be slaves" (Fee, 1848, s. 19). "Oss" og "dei andre" synet på kvite europearar og negre er dermed ikkje nytt. Dette synet blei også styrka av misjonærblada og lærebøkene sine rykte om at afrikanarane var kannibalar. Horn (1892) skriv i si bok at "Negerstaten i det indre er berygtede for sine despotiske fyrster som feirer sine hoffester med forfærdelige menneskeslagterier" (Horn, 1892, s. 47). Desse menneskeslaktingane vart også brukt for å "selje" deira primitivitet og vise verda kor farlege dei var. Dette med kannibalisme vart også brukt i for å promotere dei Afrikanske sirkusartistane for å promotere. Eit døme på dette er sirkusartisten Zulikaffer Unambyambe som vart promotert som ein farleg afrikanar som hadde spist både sin kone og sine barn. Det elevane og dei vaksne las i lærebøkene, vart da bekrefta av desse framsyningane. Ein kan lese at dei er kannibalar, og sjå på sirkus at dette var sanninga. Afrikanarane vart også ofte framstilte som "the missing link" mellom menneska og apene, noko som vart styrka av desse sirkusframsyningane. Dette vart også brukt for å fremje at den kvite mann var best, ettersom det var ein "vitskapeleg" forklaring på hierarkiet.

Dette synet kan ein også sjå i forteljinga om Stanley som går igjen i både Reusch sin bok frå 1893 og 1929. Forteljinga om Stanley omhandlar ein kvit engelskmann som skulle på eventyr i Afrika. På sin reise "[...] havde han med sig tre unge engelskmænd, og to og et halvt hundre negre. Hver av disse bar en byrde" (Reusch, 1893, s. 43; Reusch, 1929, s. 61). Stanley møtte også på ein "[...] mægtid negerkonge" og "[...] vilde negre langs floden (som) gjorde ofte angreb: men Stanley og hans folk var faa, saa var de modige og havde gode gæverer" (Reusch, 1893, s. 44; Reusch, 1929, s. 61). Det verkar som om, frå dette utsegnet, at den kvite engelskmann blir sett på som modige, meir sivilisert med sine gevær og 250 hjelparar, og negrene som meir primitive som lar seg vere hjelparar, eller slavar, og som ofte gjer angrep. Dette primitive synet vil eg komme attende til seinare i mi analyse. Dette at Stanley hadde gevær, kan også ha samanheng med at kolonistane på denne tida, lag lenger framme i våpenutviklinga enn afrikanarane. Dette kan vere årsaka til at dette er tatt med i boka, for å få enda meir fram skilnaden på den siviliserte europear med våpen, og den primitive afrikanar med meir primitive våpen.

Bøkene som kom etter desse har eit preg av å framstille *negrane* i ulike forteljingar. I Reusch (1929) boka møter ein blant anna gutane Sam og Ejok , samt eventyret til Stanley igjennom Afrika. Dette kan ha kommen at læreplanen legg opp til at man "så mye som mulig bruker en natur, folkelivs og reiseskildninger [...]" (M23, s. 47). I lærebøkene blir dei framstilt som anten veldig primitive menneske eller som nokon som blir "redda" eller får noko bra ut av møtet med den kvite mann. Forteljinga om Sam har eg nemnt kort i førre kapittel, om hans dåp. Utdraget er henta frå før dåpen og gir ein meir deskriptiv forklaring av Sam:

Det var en neger som hette Sam. Han var av naturen sort som en kakkelovn, så soten kunde ikke gjøre han sortere enn han var, undtagen på de store røde leber. Når han stakk sitt ullkrusete hode op av maskinrommet, var det hvite i øinene

det eneste som ikke var sort på ham. Som negerene pleier å vere, var Sam også sorgløs og stadig oplagt til å synge en vise. [...] han var født midt inne i Afrika. Som liten gutt var han blitt røvet fra far og mor av en arabisk slavehandler. Hans herre første ham til sansibar og solgte ham. Han hadde lidt meget vondt som slave og var blitt pisket mer enn en gang (Reusch, 1929, s. 86, 87)

Sam blir her beskriven på liknande måte som dei førre bøkene, og brukar også mange av dei same adjektiva som i leksikondefinisjonen frå 1888. Det at ein neger har sort hud og store lepper er eit gjengåande kjenneteikn. Her blir derimot hudfargen til Sam samanlikna med oska inne i ein kakkelomn. Akkurat dette med oske eller skit, er også noko som vart brukt i anna litteratur. I barneboka Pippi Langstrømpe frå 1954 står det "Bestemor trodde i lang tid at hun var neger, men så var det altså berre skitt, alt sammen" (Lindgren, 1954, s. 107). Årsaka til at eg har med eit døme får ein barnebok og ikkje ein lærebok, er for å få fram kor vanleg det var. Dette med skit kan også henge saman med definisjonen frå leksikonet som skriv at dei er "hæselige" og har ein "ubezagelig lukt", dei blir rett og slett sett på som skitne. Dette synet kunne ein også sjå i ulike såperekklamar, som til dømes reklamen til Dr. greve som sa at "etter vask med Dr. greves barnesepe blir selv små "negerbarn" hvite som engler" (Christensen & Eriksen, 1992, s. 125). Dette antyda meir enn tidlegare døme på der det er et slags underforstått hierarki mellom svarte og kvite i framstillinga. Det å vere svart assosierast med sot og skitt, og kvite assosierast med reinheit og englar.



Figur 7: Reklameplakat for barnesåpe. Fotograf: Anne Lise Reinsfeldt/Norsk folkemuseum

Dette kan vere ein forklaring på forteljinga om Sam. Ein annan forklaring kan vere at årsaka til at han blir beskriven som "sort som en kakkelovn" også kom av at han arbeida på maskinrommet. Ein maskinist vil at natur vere meir skitten enn dei andre på båten. Han blir også beskriven som munter og som stadig kunne ha synge ei vise. Ein må derfor ha heile historia til Sam. Les ein lengre i utsegnet kjem det også fram at han var ein slave før, før han vart redda av de norske kapteinene. Det verkar som at han på denne båten vart behandla på lik linje med dei andre. Dette er berre ein hypotese, da resten av forteljinga berre omhandlar dei ulike landa Sam og dei andre besøkte. Det at han blir omtalt som ein negergutt, er å forvente, ettersom omgrepene neger på denne tida var vanleg å bruke om menneske som hadde dei kroppslege trekka som lag i definisjonen, og var frå Afrika.

Men kva seier forteljinga om Ejok?:

La oss besøke Ejok, en liten negergutt som bor midt inne i Afrika. Hans hår ligner ullen på et sort lam; han har ikke klær på sig, men er pyntet med tynne messingringer om ankler og håndledd. Huset hvor han lever, er en liten rundt hytte med spisst tak av siv [...] Efter frokosten går hans far på jakt, mens moren og han ttar hver sin hakke og gir seg ut på akeren [...] Da ejok og hans mor var ferdig med arbeidet [...] fikk den lille gutt et stykke sukkerrør å suge på, selv satte moren sig til å flette kurver. [...]. Om aftenen holdt mennene stor gledesfest. De var i full punt, en med en strutsfjær i håret, en med en hvit oksehale; høvdingen selv bar manken av en løve som kappe: trommer lød, kvinnene ropte" (Reusch, 1929, s. 94) [...] Da vendte faren hjem med to antiloper han hadde drept; han var meget trett og snart lå han og hele hans familie i sør sovn på matter, som blev bredd ut på jorden inne i hytten (Reusch, 1929, s. 95)

Forteljinga om Ejok gir et litt anna innblikk i livet i Afrika. Ingenting er nemnt om kristning, dåp eller om kvite menn som kom i landet. Dette kan ha hatt samanheng med kompetanseområdet om at [...] når fremmede land blir gjennemgått, bør de aller viktigste trekk av vedkommenes lands historie bli fortalt [...] (M23, s. 46). Reuschs (1929) skriv også om blant anna ulike raser, kolonialisme, slavar osv., men ettersom has kapittel om Afrika er sterkt prega av ulike forteljingar, kan dette vere at det å gi elevane eit litt betre innblikk i korleis ein meinte at dei afrikanske menneska levde. Ein får i denne boka høre om både slavegutten Sam og *negergutten* Ejok, og elevane ville da her fått to forskjellige innblikk, og kanskje forstå at ikkje alle *negre* er slavar, og at ein afrikanar kan ha ein "vanleg" jobb som maskinist. Det blir også skiven om mulattar i ein av lærebøkene frå den tidlegaste perioden. Reusch (1929) skriv at [...] mulatter (etterkommerne av negre og hvite)" (Reusch, 1929, s. 63). Årsaka til at Reusch tek i bruk *neger* kan ha kommen av kor vanleg omgrepet var, men også det at det å blande raser på den tida var sett veldig ned på. Det var noko ein skulle unngå, og var også ulovleg fram til 1967 i USA. Det at å blande kvite menneske med lågare rasetypar ville senka nasjonens fysiske og mentale nivå, var eit vanleg syn på 1920-tallet. Det er derfor ikkje uvanleg at lærebøkene har med eit omgrep som beskriv denne samanblandinga av menneske, som for mange førte til redsel.

Etter som åra gjekk, skjedde det ein endring i både lærebøkene og i læreplanen. Lærebøkene vika meir og meir vekk frå å definere kva omgrep betyr, sjølv om nokre gjorde det, til å bruke det som eit omgrep for å forklare ulike hendingar som til dømes slavehandelen, kultur og religion. Slavehandelen vil eg komme tilbake til seinare i mi analyse, men det er verdt å merke seg at omgrepet hyppig vart brukt i forklaringa av desse to tema. Det var ikkje før i 1966 omgrepet vart brukt for å snakke om noko anna enn slavehandelen. I læreboka til Marthinsen og Østerbeg (1966) står det:

Afrika blir kalt negrenes verdensdelen de fleste tenker ikke på at Afrika er befolket av mennesker av ulike raser, vidt forskjellige i språk og kultur. I et land som Nigeria f.eks forstår ikke innbyggerene i sør språket [...] det er altså ikke nok å se på hudfarge (Mathisen & Østerberg 1966, s. 28).

Dette er ein heilt annan omtale om den afrikanske befolkninga, enn tidlegare. Marthinsen og Østerberg (1966) skriv at det er fleire raser, og sjølv om dei har same hudfarge betyr det ikkje at dei kan det same språket. Dette visar ein endring i synet på dei afrikanske menneska, og det verkar som det er meir respekt for mangfaldet som ein finner i Afrika. Dette kan igjen komme av avkoloniseringa som var i gong da denne boka kom ut. Dette med rasar kan også henge saman med kolonistane, som var ein annan rase enn afrikanarane, og som på 1960-tallet framleis budde i Afrika. Dette med forskjellige språk og kultur kan ha samanheng med den europeiske kultur og språk, som er vidt forskjellig frå det afrikanske. Det at ein ikkje kan sjå på hudfarge når det er snakk om språk, kan komme av kunnskapen om at det var forskjellige språk. *Hottentottar* vart til dømes oppkalla etter måten dei prata på, og nokre av dei menneska som vart utstilt i sirkusa snakka fransk. Dette visar da ein skilnad.

I eit av kompetanseområla, henta frå 4.trinn, står det at "det lever folkeslag mange stader på jorda i dag på heilt anna vis enn vi gjer her i Noreg. [...] Livet hjå eit negerfolk osv" (M39, s. 87). Om sjølve bruken av omgrepene i læreplanen førte til at lærebokforfattarane brukte det i sine bøker, er usikkert. Men det viser kor vanleg og "daglegdags" dette omgrepet var. Dette kan også vere årsaka til at dette er eit gjennomgåande omgrep som blitt tatt i bruk i både boka frå 1955, 1966 og 1970, eit døme på dette er "*Neger-fetisj*" frå 1970 boka. Boka frå 1970 er også den einaste av desse tre bøkene som tilhøyrar N39 som har med ein definisjon av ulike folkegrupper i Afrika, der ein av desse er *negerene*:

De folkeslag vi først og fremst forbinder med Afrika er negrene. Det blir skilt mellom de egentlige negrer og niolottene. [...] En ekte neger har mørk hudfarge, svart kurset hår, brune øyne, ganske bred og flat nese og brede lepper. De fleste negrer er store og kraftige (Hjelle & Skinningsrud, 1977, s. 79)

Det er verdt å nemne at saman med denne definisjonen er det eit bilet med teksten "Afrikanrarar i storbyen Nairobi". Kvifor forfattarane brukar begge omgropa, samt mange andre, er ikkje godt å seie, men det kan verke som at dei er litt usikre på kva av omgropa som er best eigna, ettersom omgrepene *neger* ikkje blir brukt meir etter definisjonen vist over. I definisjonen over kan ein sjå at dei karakteristiske kjenneteikna for kva ein *neger* er, ikkje har endra seg mykje frå definisjonen frå leksikonet frå 1884. Ein kan her sjå likskapen til definisjonen frå 1884 som også seier at ein *neger* har sort hud, uldkrusset hår, bred munn med tykke lepper og en bred, flat og tynn nase. Desse deskriptive trekka har altså ikkje endra seg på nesten 100 år. Dette kan da ha kommen av at utsjånaden på eit menneske frå Afrika heller ikkje hadde endra seg stort dei siste 100 åra.

Neger omgrepene har gått i frå å vere eit nedlatande ord som vart brukt om slavar, til å bli brukt for å beskrive det folkeslag som bur i Afrika, til å igjen bli eit negativt og nedlatande ord. Endringa kan også ha kommen av at sjølve definisjonen av omgrepene *neger* endra seg i dei norske leksikona. Det er framleis litt deskriptive definisjonar som at dei er en "[...] meget uensartede befolkning med svart eller svartbrun hudfarge [...]", men det står også at "[...] I Afrikanske land foretrekkes ord som *Afrikaner* eller *svart* fremfor *neger*, som oppfattes som en rasistisk nedsettende



Figur 8: : "Afrikanarar i storbyen Nairobi" (Hjelle & Skinningsrud, 1977, s. 79)

betegnelse [...]”(Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon. 8 : M-Norge, 1980, s. 516). Det at sjølve leksikonet skriv at det blir sett på som rasistisk av den Afrikanske befolkning, kan også ha bidratt til at omgrepene blei tatt ut av lærebøkene på 1980-tallet. Det kan også ha kommen av innvandringa til Noreg frå områder utanfor Europa som hende på 1960-tallet. Ein blei etterkvart fleire og fleire nordmenn med mørk farge, noko som førte til eit kritisk blikk av omgrepene *neger* (Simonsen, 2008)

4.1.4 - Buskmenn og hottentott

4.1.4.1 - Buskmenn



Figur 9: “Buskmannsfamilie på leirplassen” (Marthinsen & Østerberg, 1966, s.33)

Buskmenn er også eit omgrep som går igjen i lærebøkene både i tekstform og som bilete, men mykje mindre enn *heidningar* og *neger* omgrepene. Men kva er ein buskmann? I boka “Norsk Haandlexikon for almennyttige Kundskaber. 1: A-J” frå 1881 blir buskmenn definert som: “Buskmænd er med hottentotterne beslægtet folk i SydAfrika, bebor sletterne i det indre høiland mellem hottentotterne og betsjuanerne; de er smaa og stygge, staar på det laveste kulturtrinn og lever av jagt og rov” (Norsk Haandlexikon for almennyttige Kundskaber. 1 : A-J”, 1881, s. 249)

Den fyrste gongen ein ser omgrepene i lærebøkene var i 1910 i Eriksen si bok, der det står “Hottentotter og buskmænd i Syd-Afrika har graagul hudfarve og haaret sittende i totter på hodet-” (Eriksen, 1910, s. 68). Her blir dei beskriven som ganske lik ein *hottentott*, når det kjem til hudfarge og håret, men blir i leksikonet også definert som stygge og små. I Marthinsen og Østerberg (1966) si bok har *Buskmenn* eit eige delkapittel som har meir fokus på utsjånad og levemåte. Årsaka til at Marthinsen og Østerberg har eigne kapitel om *buskmenn*, nomadar, pangweene og massaiane kan ha kommen av læreplanmålet at elevane skal “[...] høyre forteljingar og skildringar om land og folk [...]” (M39, s. 102). Det verkar også som at ein på denne tida har fått ein større forståing for mangfaldet i Afrika, berre på grunn av at hudfargen er lik, betyr det ikkje at menneska er lik. Marthinsen og Østerberg (1966) gir eit meir utfyllande bilet av korleis ein *buskmann* ser ut “Buskemenne er små av vekst, va 1,5 m, smekkert bygd og forholdvis lyse av hudfarge. Av skinnet til en antilopeart lager de seg enkle klær” (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 32). Marthinsen og Østerberg (1966) skriv også ein del om historia til *buskmennene*, og får godt fram synet til den kvite europear når desse to møtes: “Så kom europeerene dit, og da ble det riktig ille for urbefolkningen. Europeerne drev kvegalv, men buskmennene skjønte ikke at disse fredelige dyra som det var lettvint å jakt på var privat eiendom. De hvite satte i gang en jakt på buskmenne. De ble enten skutt ned som vilt eller sendt til fengelene i byen” (Marthinsen



Figur 10: “Buskmann på jakt” (Marthinsen & Østerberg, 1966, s.33)

& Østerberg, 1966, s. 32). *Buskmennene* blir her framstilt som veldig primitive, som ikkje da skjønte at desse "kvega" var av eigendom. Dette her kan ha kommen av livsstilen til *buskmenna* for "de streifet omkring i små familiegrupper og holder til innenfor bestemte jaktområder. Derfor har de ingen faste boplasser, men setter bare opp noen enkle hytter, nærmest skjermer, for vinden (Marthinsen & Østerberg 1966, s. 32)". Dette kan bety at dei var nomadar som måtte flytte omkring for å finne mat og drikke. Ettersom det var den kvite europearane som kom og tok over deira buplass, kan det vere dei tenkte at sidan dyra var innanfor deira jaktområde, var det fritt bytte. *Buskmennene* blir også beskriven som gode jegarar som er "mestre i kamuflasje" og som tek i bruk buestenger med "piler (som) er ofte innsatt med gift" (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 33). Det var mennene som drog på jakt, kvinnene skulle sanke "bær, røtter" (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 33). Vidare skriv Marthinsen og Østerberg (1966) om religionen deira og ulike ritual:

Før buskmennene går på jakt, foretar de mange magiske ting for å vere sikre påfangst. Regnet og månen regnes som viktige guder. Månen sørger for at det er rikelig med volt, men en må passe seg for å ikke å fornærme den ved å le av den eller se på den. Da forsvinner viltet! Månen er også herre over regnet. Sola er de ikke så veldig glade i . dansen er viktig i buskmennenes kultur. Mange av dansene foregår i forbindelse med magiske sermonier, f.eks antilopedansen. Ellers kan de kle seg ut som ville dyr og forestille dem mens de danser. Musikken til dansene er mest sang og klapping, men de har også noen enkle instrumenter, bl.a fløyter, og de kan til og med spille på buene sine. (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 34)

Her får ein eit lite innblikk i deira kultur og ritual. Årsaka til at forfattarane tok med dette kan ha kommen av kompetanseområdet eg har nemnt tidlegare, eller fordi at "born synes ofte større hug til å få vita om fjernare stader på jorda enn om heimstaden" (M39, s. 101). Det å høre om antilopedansen, samt om måne- og solgudar, kunne kanskje vere meir spennande enn å lese om den kjende fedrelandets historie. Ein får også eit innblikk i språket, der "språket lyder underlig for våre ører, for det har en mengde uvante smattelyder som vi ikkje kjenner" Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 34). Dette kan også knytast til kompetanseområdet nemnt rett før. Det at europearane som først møtte dei kanskje tenkte det var ein underleg lyd, er ikkje usannsynleg. Det var annleis, og det var kanskje den beste måten å forklare det på for elevane. Teksten om buskmennene har også 12 tilhøyrande oppgåver som omhandlar teksten, eit døme på dette er "når danser buskmennene antilopedansen?" (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 34). Neste boka som skriv om *buskmenna* er Hjelle et.al si bok frå 1977. Her er det derimot ein deskriptiv skildring i samanheng med gjennomgangen av folketypar i Afrika:

Buskmennene befolket en gang store deler av Afrika. Nå holder de fleste av dem til i Kalahariørkenen. De er blitt fortrengt av negrene. Buskmennene er små av vekst, bare omkring 150 cm høye. De er lysere enn negrene og gulbrune i huden. Buskmennene driver ikke jordbruk. De jakter og sanker spiselige røtter, meloner, egg, honning, insekter o.l. Familiene holder sammen i flokker. De kan vere fra 10 til 50 familier i en slik flokk (Hjelle & Skinningsrud, 1977, s.79)

Denne beskrivinga er ganske identisk til den i frå 1966. Hudfargen er gulbrun, dei sankar røter og driv på med jakt. Definisjonen har altså ikkje endra seg. Det blir ikkje brukt i nokre av bøkene frå etter 1977. Det er vanskeleg for meg, på grunnlaget eg har, å seie

noko om kvifor dette omgrepet ikkje blir brukt noko meir etter 1977, men det kan ha kommen av at det har ein rasistisk kontekst som ein ikkje ville ha i lærebøkene lenger. Andre årsaker vil eg komme attende til i "likskapstrekk" kapittelet.

4.1.4.2 - *Hottentott*

Når ein hører eller leser ordet *Hottentott* er det nok mange av den eldre generasjonen som byrjar å nynne på Vesle Hoa av Thorbjørn Egner, men kva er eigentleg ein *Hottentott*? Historia seier at den fyrste nederlandske som møtte på stammen Khoisan på 1700-tallet gav dei namnet "hot en tot" som betyr "stammerar". Dette namnet fekk dei truleg fordi dei nederlandske menneska høyte på språket deira som "nonsense words imitative of stammering" (*Online Etymology Dictionary*, 2015). Men korleis blir ein *hottentott* definert i leksikonet? I boka "Norsk Haandlexikon for almennyttige Kundskaber. 1 : A-J" frå 1881 blir *hottentott* definert som:

[...]De har en smudsig olivengul hudfarve, lav hjerneskal, fremtrædende rubben og en flat næse, er smaa av vekst og meget hæslige. Deres aandelige begavlese er meget liten. Indblandet findes stammen nu som nordenfor kapkolonien, medens de inden denne boende hottentoter har blandet sig med europæere, kaffere, malaier og negre. Avkom Av europæere og hottentotter kaldes Griqua (Norsk Haandlexikon for almennyttige Kundskaber, 1881, s. 822)

Ein kan sjå her at dei deskriptive adjektiva som blir tatt i bruk her, er litt annleis enn definisjonen av ein *neger*. Ein *hottentott* har olivengul hud, lav hjerneskal, en flat nase og er små av vekst. Ein likskap denne definisjonen med den føre, dei blir begge sett på som "hæslige". Den fyrste læreboka som skriv om *hottentotten* er Eriksen (1910) "[...]Hottentotter og buskmænd i Syd-Afrika har graagul hudfarve og haaret sittende i totter på hodet" (Eriksen, 1910, s. 66). Denne beskrivinga av utsjånad har klare likskapstrekk med definisjonen frå leksikonet. Neste gang en lærebok nemner *hottentottar* er ikkje før i 1977: "Hottentottene ligner buskmennene, men de er høyere og kraftigere. Hottentottene holder sammen i stammer og stammene i klaner. De dyrker sine avdøde forfedre og naturånder, som de tror kan skaffe regn" (Hjelle & Skinningsrud, 1977, s.79). Deira dyrking av avdøde forfedre og naturånder, har mange likskapstrekk med den afrikanske naturreligion, også kalla den tradisjonelle religionen. Omgrepet *Hottentott* blir kunn nemnt i desse to lærebøkene, men var framleis eit veldig vanleg daglegdags omgrep da det vart omtala i lærebøkene. Thorbjørn Egner har også skriven ein song om *hottentottar*: "visen om vesle Hoa" her er ei utdrag:

Det var en liten negergutt som hette Vesle Hoa. Han hadde fjær på hodet sitt og ring på tommeltoa. Han hadde bare bukse på og buksa den var gjort av strå. Men Hoa likte buksa godt for han var en ekte hottentott! (Egner, 1967)

Etter å ha snakka med min familie, veit eg vertfall at mine foreldre som er født på 60-tallet, song denne songen på barneskulen og kan den framleis i dag. Omgrepet *buskemann* blir i likskap med *hottentott* og *neger*, brukt for å beskrive ein viss type folkegruppe frå Afrika. Det er også fleire ulike folkegrupper nemnt, men i so liten grad at det ikkje ville vert relevant for oppgåva. Også fordi dei andre folkegruppene vart kunn nemnt i enkeltilfelle i enkelt bøker, og ein kan derfor ikkje sjå noko endring eller likskapstrekk med andre bøker .

4.1.5. - Likskapstrekk

Korleis lærebøkene og leksikonet definera omgrepa *neger*, *hottentott* og *buskmenn*, har ein rekkje likskapstrekk. Både bøkene og leksikonet har hovudfokus på dei ytre eigenskapane til desse menneska. *Negerane* blir framstilt som store og sterke menneske, men ein bred, tynn og flat nase med tjukke lepper. Dei har ein alminneleg skjeggvekst og "ullkrusset hår", og er ein "hæslig skikkelse". *Hottentotter* og *buskmenn* blir ofte beskriven på veldig liknande måtar, og i nokre bøker blir det skriven at desse to er i slekt med kvarandre. Ein *buskmann* blir framstilt som små og stygge, på det lågaste kulturtrinn med ein grågul hudfarge og med håret i tottar. Ein *hottentott* blir også framstilt som nokon med grågul hudfarge med håret i tottar, men har ein flat nase, er hæselige og veldig små av vekst. Det er altså nesten akkurat den same definisjonen på kva ein *buskmann* er og kva ein *hottenott* er, men dei held til i forskjellige deler av Afrika. *Hottenttoter* budde nordanfor Kappkolonien (Sør-Afrika), medan *Buskmenn* budde i det indre "Høiland" mellom *hottentottar* og ein annan folkegruppe. Det står også at dei er i slekt, noko som kan vere årsaka til at dei er so like i utsjånad. Namneskilnadane kan også ha kommen av at nederlendingane gav *hottentotane* namnet etter måten dei prata på, og *buskmann* namnet kan ha kommen av deira nomadiske levestil. Kvifor bøkene hadde eit so deskriptivt fokus på *negerane*, *hottentottane* og *buskmenna* kan ha kommen av at dei ville gi elevane og menneska som las dette eit mentalt bilet på korleis dei faktisk såg ut, ettersom ein i lang tid kunn kunne sjå desse menneska på bilet, karavanane eller på sirkuset. Årsaka til at det kom endringar i bruken av desse omgrepa, kan ha kommen av av koloniseringa som hende på 60- og 70-tallet i Afrika. Fleire og fleire statar vart sjølvstendige, og synet på toleranse og respekt vart meir og meir sentrale. Det å bruke eit gamle omgrep som såg på desse folketypane som dumme, stridde no i mot dei høgt utdanna afrikanarane som fekk koloniseringa vekk med kampanjar og ulike partia som arbeida for at landa skulle bli sjølvstendige. Dette kan ha ført til at det blei mindre fordommar om det afrikanske folket, og ein lært også meir og meir om deira kultur og religion i lærebøkene. Skulefokuset i Afrika kan også ha påverka synet, ettersom dei da fekk den "europeiske" kunnskap, og ein del tok også vidare utdanning. Det kan også komme av innvandringa som hende på 60-tallet, der fleire mennesker med mørk farge kom til Noreg. Dette kunne bidra til eit meir kritisk blikk på desse omgrepa.

4.1.6 - Den primitive afrikanar versus den siviliserte europear

Det at elevane skal lære om dei ulike menneskerasane, var eit gjennomgåande trekk i lærebøkene. I denne analysen er den "sorte rase" og den kvite rase mest sentral, ettersom det er dei to rasane og deira deskriptive trekk som er mest relevante. Korleis desse to blir representert og skriven om er derimot veldig forskjellige, der den primitive afrikanar versus den siviliserte europear er den mest brukte framsyninga. Eg har tidelagre skriven litt om dette, men vil i denne analysesdelen komme med meir konkrete døme. I dei tidlegaste bøkene blir den kvite rasen beskriven som dei på "et høiere dannelsestrinn" (Horn, 1892, s. 63) og som "Den viktigste af alle raser" (Eriksen, 1910, s. 65). Den kvite rasen blei før sett på som den beste rase., og bøkene gir også elevane eit innblikk i korleis dei afrikanske landa uten deira styre fungerte: "De (*negrene*) er delte i en mængde stammer, som bestandig ligger i krig med hverandre og sørger for å gjøre hverandre til slaver. Negrene er derfor fattige" (Reusch, 1893, s.43). Det står også "der hvor ikke hvite menn hersker over dem, ligger de stadig i krig med hverandre"

(Reusch, 1929, s. 60). Den kvite man herska over store delar av Afrika, og Afrika blei beskriven som eit "depotisk monarki" som er "en stat hvor monarken raader over sine undersaatter uden at vere bunden av nogen lov" med dømet "flere stater blant negrene i Afrika" (Reusch, 1893, s. 56). Koloniseringa av Afrika kan ha styrka synet på den primitive afrikanar og den siviliserte europear. Dei blir her framstilt som nokon som treng å bli redde av den kvite mann. Dette ser ein også i framstillinga om den afrikanske heidning som trengte den kvite mann for å redde deira frå deira overtru. Eg har også tidlegare skriven om synet som var om "oss" og "dei andre" og korleis dette har blitt styrka av både bibelen, sirkus framsyningar og misjonsblada. Reusch (1929) har også ein oppgåve som der elevane skal "Sammenligne siviliserte og ville folks levevis!" (Reusch, 1929, s. 76). Om ein ser på konteksten til oppgåva og på det Reusch (1929) tidelegare har skriven i boka, er det ikkje usannsynleg at han her meina at ein skal samanlikne dei siviliserte kvite og inkluderer visse afrikanarar under kategorien "ville".

Under Afrika kapittelet i Rødevand et.al (1966) står det at "De Afrikanske folkene hadde vanligvis ikke noe skriftsystem da de første europearane kom til deres land" (Rødevand et.al, 1970, s. 94). Da dei fyrste Europearane kom til Afrika på 1800-talet, var det veldig få land i Afrika som hadde eit skriftsystem. Dette kan også ha bidratt med å styrke det primitive synet på Afrikanarar, ettersom dei siviliserte europearane hadde på denne tida eit skriftsystem. Men kva andre måtar har dei Afrikanske menneska blitt representert på?

4.1.7 - Elendebilete

Afrikanske menneske har i lærebøkene blitt framstilt som hjelpetrengande og hatt eit "elendebilete" over seg. Dei har gått frå å bli omtalt som nokon som trenger den kvite mann for å redde dei frå den heidenske religionen sin, til eit meir mangfaldig syn, til å gå attende til "elendebilete". Eit bilet av dette finn ein Marthinsen og Østerberg (1966) si bok: "tusener av de innfødte lever i nød og elendighet i byene (Afrika). De arbeider for de hvite, men ikke alle regner dem som likeverdige mennesker. De kan ikke gå tilbake til hjemstedene til sine egne, for det blir de ikke godtatt. De har brutt med sin kulturform og da er det vanligvis umulig å komme tilbake" (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 28). Her blir også omgrepene "elende" brukte. Ein skriv også om at dei arbeider for dei kvite og ikkje bli sett på som likeverdige menneske.



Figur 11: "Afrikanske barn er takknemelige for en kip melk. I denne delen av verden får både voksne og barn oftest lite variert kost" (Rødevand et.al, 1970, s. 13)

Dette biletet av elendigkeit og flukt var også sentral på 1970-tallet. Eit døme er "Afrikanske barn er takknemlige for en kip melk. I denne delen av verden får både voksne og barn oftest lite variert kost" (Rødevand et.al, 1970, s. 13). Teksten har eit tilhøyrande biletet, som viser afrikanske barn som får mjølk. afrikanske barn blitt ofte tatt med i dette perspektivet, seinare i boka er det eit eget kapittel om sjukdommar "De har jo ingen varm og god seng å ligge i slik som barn i nordiske land" (Rødevand et.al, 1970, s.127). Dette malar eit veldig stakkarsleg biletet av dei afrikanske barna, med ein klar samanlikning med det norske barn. For eit barn å lese at eit anna barn ikkje har ein

seng, og er takksemnd for ein kip med mjølk, kan for mange verke urealistisk. Ettersom dei kanskje forventa at barn i andre land ikkje lever so forskjellig frå dei. Vidare i same boka står det om misjonersarbeidet: "de uinnvidde har hatt mye moro med syforeningens strømpestrikking for negerbarn, men vi har mottat hver sending av varme barneklær med stor takknemlighet, og velsignet giverne. De har hjulpet oss til å senke barnedødeligheten, som før var på 30 prosent, men nå er nådd ned til samme størrelse som i europa" (Rødevand et.al, 1970, s.127,128). Boka kan bidra til å male biletet av at varme barnekled og strømper har sinka barnedødelegheta i Afrika. Om dette var det forfattarane ville få fram, er usikkert, men skrivemåten får det til å framstå på denne måten. Det med UNICEF og hjelpearbeid kjem ikkje i læreplanen før i 1974, det står ikkje noko om at elevane skal ha kunnskap om arbeidet som går føre seg i Afrika i den da gjeldande læreplanen år 1939. Ein kan derimot knytte det opp mot kompetanse målet at elevane skal lære om "skildringar om land og folk" (M39, s. 102).

På 1980-tallet var dette også sentralt, men denne boka hadde eit meir opent blikk og angrep dette elendebilete og diskuterte dette: "Kva biletet er det vi får av verdsdelen Afrika gjennom fjernsyn og aviser? Er det berre tørke, svolt, krigar og rasehat? (Ertesvaag et.al, 1988, s. 178), samt "Massemmedia er med på å skape eit heller sorgjeleg biletet av Afrika. Derfor er det ikkje rart at mange sett denne verdsdelen i samanheng med mykje elende og store problem (Ertesvaag et.al, 1988 s. 201). Det har her skjedd ein endring på framstillinga. Forfattarane tek sjølv opp dette elendebilete, og er kritiske til det biletet media har danna av Afrika. Fokuset i massemmedia på denne tida, var nok den store tørken som hende i 1980. Det står i læreplanen at ein borna skal "lære om Afrika, [...] og (deira) befolkning (M87, s.238). Dette kan vere ein av årsakene til at akkurat dette er tatt med, og at forfattarane kanskje prøvar å få fram eit poeng om at elevane ikkje kunn må lære om det stakkarslege Afrika som media framstil. Boka frå 1988 skriv vidare om korleis ein skal unngå menneskerettsbrot, rasisme og ulike ting borna kan gjere for å hjelpe desse barna. Dette er dei døma eg fann som konkret snakka om Afrika. Det var fleire av bøkene som hadde døme om flukt og nød, men ettersom dei ikkje konkret nemne Afrika, har eg valt å utelukka desse. Årsaka til at det var dette fokuset i lærebøkene, kan ha kommen av ulike naturkatastrofar som hende i Afrika, der den verste tørken var på 1970- og 1980- talet. Dette hende samtidig som borgarkrigen og avkoloniseringa i Afrika, og ettersom enkelte land hadde ein sterkt politikk var det vanskeleg å få fram hjelpe dei trengte som ført til enorm svolt. Krisehjelp vart haldt attende i områder som vart sett på som opprørske. Ettersom det var ein stor tørke, kan dette vere årsaka til at både bøkene frå 1970-tallet og 1980- talet har eit elendebilete av Afrika.

4.1.8 - Endringar

Etterkvar kom det ein rekke endringar i korleis ein representerte dei Afrikanske menneska. Eit døme er i Marthinsen og Østerberg (1966) som har med fire ulike bileter med teksten "en av personene hører ikke hjemme her" (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 11). Hadde dette vert i ein eldre lærebok hadde det kanskje heller stått "grupper para" ettersom mange meinte før at afrikanske menneske var "the missing link" mellom menneska og apene. Vidare skriv same boka om skilnader mellom folk:



Figur 12: (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 11)

Denne forskjellen mellom folk kommer fra ulikheter i oppvekst, oppdragelse, språk, skolegang, arbeid eller om du er rik eller fattig. Alt dette kaller vi for miljø. Egenskaper kan også arves frå mor og far. Kineseren i København ser ut som en kineseres fordi han har kinesiske foreldre, men han har fått europeisk oppdragelse og skolegang. Derfor snakker han dansk og går kledd som oss (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 12)

Her får elevane eit innblikk i at sjølv om nokon ser annleis ut, betyr det ikkje at dei er det. Ein kinesar og ein danske kan ha akkurat same oppvekst og kunne det same språket, sjølv om dei ser annleis ut. Ein må altså forstå alle kulturane på eige grunnlag. Dette kan også knytast til læreplan målet som seier at "bak alt som er annerledes, i ytre forhold, i utseende og i tro og tenkemåte, må elevene lære å forstå at det skjuler seg mennesker som dem selv" (M74, s. 181). Dette kan også knytast med det Marthinsen & Østerberg (1966) skriv seinare i boka "Afrika er befolket av mennesker av ulike raser, vidt forskjellige i språk og kultur [...] det er altså ikke nok å se på hudfarge" (Mathisen & Østerberg, 1966, s. 28). Vidare skriv dei om korleis land blir påverka av andre:

De hvite har f.eks forandret Afrika og Afrikanerene mye mer enn Afrikanerene har forandret leveviset i Europa. Likevel vil du finne ikke reint lite som stammer fra Afrika. Du kan f.eks bare tenke på alle de varene som opprinnelig stamer fra denne verdensdalen (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 14)

Her skriv ein litt om kolonialisme, men også at Afrika har påverka resten av verda når det kjem til ulike varer. Dette kan vere kopla til varane som vart selde under slavehandelen, men også varar som vart sold under kolonitida. Dette kan også få elevene til å tenkje på alt rundt dei, er det noko som kjem i frå Europa, eller kan det ha kommen frå Afrika?

I mønsterplanen frå 1987 skulle elevene få kompetanse om "likeverd mellom ulike grupper, sosialt, kulturelt orv. Toleranse og respekt, motverke rasistiske haldningar" (M87, s 217).. Det er da naturleg at forfattarane har med ein forklaring av kva rasisme er, ettersom det kunne vere det første møte for elevene med dette omgrepene. I ein lærebok frå 1988 står det:

Rasisme: ordet rase blir brukt i biologien og tyder ei større gruppe menneske som har til felles nokre arvelege eigenskapar som slik seg fra andre grupper. Dei fleste arveforskerane er no samde om at det er ytre eigenskapar som slik rasane frå kvarande. Men det fins framleis somme som trur at rasane og har ulike indre eigenskapar, til dømes av den kvite rasen står over andre rasar når det gjeld intelligens" (Ertesvaag et.al, 1988, s. 156)

Her gir forfattarane ein forklaring av ordet rasisme, og denne introduksjonen for omgrepet vil vere viktig for vidareutviklinga av omgrepet. Det å lære elevene om kva rasisme var, kunne bidra til å forebygge at rasisme hende, ettersom dei viste kva utsegn som kunne bli sett på som rasistiske ytringar. Det kunne også bidra til å gi elevene ein forståing om at hudfarga på menneske er noko arveleg, og ikkje ein straff frå gud. Elevene får også eit innblikk i at det ikkje er alle som tenkjer likt, "Det finst nordmenn som ikkje vil godta, eller ikkje greier å godta at nokon er annleis. Det er fleire døme på at barn av innvandrarar blir mobba i skulen" (Ertesvaag et.al, 1988, s. 154). Det å ta i bruk eit døme om barn kan gjere omgrepet diskriminering og rasisme meir "jordnært",

og her kjem forfattarane også med eit konkret døme "innvandrar". Vidare i boka står det også om ulike fordommar, fordommar som til dømes ein kan ha om den svarte rase. Dette blir ikkje skriven eksplisitt, men ettersom fordommar kan stamme frå hudfarge er det ikkje usannsynleg. Årsaka til at det blir skriven meir om fordommar, kan ha kommen av innvandringa av land utanfor Europa på 60-tallet. Det at Noreg fekk meir innbyggjarar med mørk hudfarge, kan ha styrka fokuset på at elevane måtte lære om desse menneska og få eit fordomsfrei syn rundt dei. Samt eit fokus på diskriminering og kjennskap til omgrepet rasisme.

4.2 Slavehandelen

4.2.1 - Slavehandelen og slavar

Slavehandelen er ein sentral del av Afrikas historie, og blir skriven om i lærebøkene frå 1892, fram til den nyaste boka frå 2022. Korleis slavar og slavehandelen blir representert har endra seg veldig i lærebøkene. Ein går frå å gje Afrikanarane skylda for slavehandelen, til at europearane meir og meir tek ansvar for desse handlingane sjølv. Den fyrste boka som omtalar noko om temaet, er Horn (1892) "Negre blev før i tiden inførte fra Afrika som slaver til plantagedriften" (Horn, 1892, s. 40). Vidare skriv Horn om sjølve plantasjedrifta som gjekk føre seg i Sydstatane i Amerika "Sydstaterne med agerbrug og plantagedrift: der er mange negre. Der avles især bomuld, mais, tobakk og sukker" (Horn, 1892, s. 41). Her får ein vite eksplisitt kva varer som vart produsert, og nokre av desse, som tobakken, sukkeret og bomulden vart igjen solgt vidare til Europa. Han skriv ikkje at dette var trekanthandelen, men det er ikkje usannsynleg. Vidare skriv Reusch (1893; 1929) "Disse (*negerane*) var før slaver, men er nu frie" (Reusch, 1893, s. 46; Reusch, 1929, s. 63). Horn skriv so vidare som slavehandelen " [...] Der er også mange slavejægere, som røver negre og sælger dem som slaver til slavehandlerene" (Horn, 1892, s. 47). Noko som skill seg ut her, er at orda "røver" og "sælger" er skriven i presens, notid. Denne boka kom ut berre nokre tiår etter at slavehandelen vart ulovleg på verdsbasis, men det verka da her som dette er noko som framleis hende. Denne røvinga blir også gjenfortalt i Stanleys reise i Reusch (1893) sin bok der han skriv « [...] Ikke langt fra denne traf han Tippu-Tib, en araberhøvding, som gjorde store reiser i det indre af Afrika for at røve elfenben og slaver. [...]» (Reusch, 1893, s. 44). Ein annan type røving som Reusch skriv om er røving dei gjorde sjølv "De (*negrene*) er delte i en mængde stammer, som bestandig ligger i krig med hverandre og sørger for å gjøre hverandre til slaver. Negrene er derfor fattige" (Reusch, 1893, s. 43). Her får afrikanarane sjølv skulda for å gjere andre til slavar. Det verkar her som om at den kvite mann er uskuldig i denne handelen. Kvifor han seier det er deira eigen feil, kan eg ikkje grunngjeve med stoffet eg har, men det kan tenkje seg at han leita etter ein syndebukk. Reusch (1929) skriv også om Sam, som var « [...] var født midt inne i Afrika. Som liten gutt var han blitt røvet fra far og mor av en arabisk slavehandler. Hans herre fyrste ham til Sansibar og solgte ham. Han hadde lidt meget vondt som slave og var blitt pisket mer enn en gang. En norsk skibskaptein kjøpte ham da han kunde vere omtrent 13-14 år gammel. På denne måte blev han fri." (Reusch, 1929, s. 88). Det å bruke eit døme av et barn som slave og ikkje berre vaksne, kan ha bidratt med å auke kompetansen til borna om at dette skjedde med alle, sjølv om du var eit barn eller ein gammal mann. Det er også sentralt at det står "røvet", ettersom det får fram at det å bli ein slave ikkje var noko frivillig, og at til og med barn vart røva frå sine foreldre. Det at kven som helst kunne bli røva, kan verke sjokkerande, men det var sanninga. Det er ikkje noko

forklaring på kvifor slavehandelen starta, står det ikkje noko om. Det gjer det derimot i boka til Hareid og Sverre frå 1946:

Indianerne ble tvunget til hardt arbeid, og de hvite for ofte stygt fram imot dem. Det tålte de ikke. De døde i tusenvis. Da tok slavehandlerene å innførte negrer fra Afrika. De var sterkere enn indianerne og tålte arbeidet på plantasjene. Slik begynte det skammelige negerslaveriet i Amerika. Rå menneskejegere gjorde jakt på de stakkars folka i hjemlandet deres. I lenker ble de drevet fram til kysten og sendt over havet i skips ladninger. De som kom levende fram, ble solgt på slavemarkedet. Den som kjøpte et slikt ulyklig menneske, kunne gjøre som han ville med stakkaren. Mange av dem fikk fryktelig vondt (Hareid & Sverre, 1946, s.147)

Her gir Hareid og Sverre (1946) ein god forklaring på kvifor dei vart "gjort" til slavar, og kva som hende etter. Denne framstilla *indianarane* som veldig svake, men det som ikkje blir skiven om her er at dei døde hovudsakeleg av sjukdommane som europearane tok med seg da dei kom til Amerika. Årsaka til at afrikanske slavar vart valt, kom at av dei lenge hadde vore utsett for desse sjukdommane av europearar. Vidare skriv han "Til plantasjearbeidet brukte de negerslaver, som de kjøpte og solgte som dyr. Da England og andre land avskaffa slaveriet, ville nordstatene at U.S.A skulle gjøre det samme. Men sørstatene satte seg imot" (Hareid & Sverre, 1946, s.260). Det at elevane skulle lære om slavehandelen, står det ikkje noko om i *Mønsterplanen* 1939, men det kan tenke seg til at ettersom det er ein stor del av den afrikanske historie, at dei såg på det som relevant å ha dette med. Årsaka til slavehandelen skriv også Marthinsen og Østerberg (1966) om:


Da de hvite kolonistene slo seg ned i Amerika, trengte de arbeidshjelp Til å begynne med brukte de indianerne, men disse var ikke vant til det harde arbeidet på plantasjene og bukket snart under. En prest synest synd på dem, og foreslo at kolonistene skulle skaffe seg arbeidshjelp fra Afrika, for han mente at negrene var sterkere og bedre skikket til hardt arbeid (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 120)

Her blir handelen også grunngjeven ved at negrene var sterkare og betre skikka . Om skikka her betyr at dei tolte meir sjukdommar, veit eg ikkje. Men dette visar at det kan ha vært ein felles forståing på 40 og 60-tallet, at årsaka til at ein valte afikanarane var at dei var sterkare enn *indianarane*. Vidare gir boka eit veldig makabert syn på sjølve sjøreisa:

Dersom du leser i historien om slavehandelen på 1600-tallet, kan du finne noe slikt som dette "negerslavene ble tatt til fange i det indre Afrika, ført i lenker til kysten og transportert over havet til amerika. I de overfylte seilskutene ble utsatt for grusom behandling og ofte døde mer enn halvparten på veien. Hvis noen ble syke, kastet mannskapet dem bare over bord. Det hendte også at disse stakkars menneskene nektet å spise. De ville heller dø enn å leve resten av livet som slaver. Da tvang slavehandlerene dem med glødene kull til å åpne munnen og helte maten ned halsen på dem. De tjente ikke noe på å komme fram med døde slaver (Marthinsen , Østerberg, 1966, s. 9)

Denne boka gir eit meir makabert syn, og omtala blant anna at slavane fekk glødande kull ned halsen om dei nekta mat. Dette var veldig vanleg på slaveskipa, da mange heller ville døy enn å leve livet ut som slavar, ettersom behandlinga var heilt grusam. Han skriv også at "det verste var likevel at eruopeerne tok med seg befolkningen som slaver, ja det ble til sine tider drevet klappjakt av dem [...]" (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 26). Dei afrikanske menneska vart altså jakta på, nesten som dyr, slik at slavehandlarane kunne tene pengar. Men kva kosta ein slave?:

Enkelte hvite eventyrere og kjøpmann så at her var det gode penger å tjene, og satte i gang en brutal menneskejakt i Afrika, særlig på Vestkysten. De fikk også god hjelp av enkelte negerstammer. Hvert år kom tusener av slaver over til Amerika, men mange døde underveis. Prisen for en sterk negerskage var omlag 300 kr. Negerbefolkningen vokste raskt, og bodde som regel i elendige skur på godsene til kolonistene. Der arbeidet de som jordbruksarbeidere eller tjener, og kunne ikke bestemme over seg selv. De var jo kjøpt som andre husdyr" (Marthinsen & Østerberg, 1966, s. 120, 121)



Fra et amerikansk slavemarked. Gammel tegning

Figur 13: "Fra et amerikansk slavemarked. Gammel tegning" (Marthinsen & Østerberg, 1966, s.120)

Denne teksten har også eit tilhøyrande biletet også gir eit innblikk i sjølve sjøreisa. Det er sentralt at dei skriv at dette er ein "menneskejakt", og ikkje ein "slavejakt" av slavejægere". Her har skjedd noko i definisjonen av jakta, og handelen. Dei blir sett på som menneske. Ein liknande beskriving om sjølve handelen, finn ein også i Ertesvaag et.al (1988) si bok, der det står at "negrane vart sodd på som ein viktig handelsvare [...]" (Ertesvaag et.al, 1988, s. 196). Dei var ein ekstremt viktig handelsvare. Som nemnt i Marthinsen og Østerberg (1966), kosta ein god slave omlag 300 kroner. Om eit skip frakta omlag 200 slavar, var dette gode pengar. Ertesvaag et.al skriv også om slutten av slavehandelen:

Minst 10 millionar slavar skal ha vorte ført ut frå Afrika til Amerika og andre marknader så lenge handelen foregjekk. [...] handelen gjekk for fullt fram til 1807. I det året vart slavehandelen forbode i england, og snart følgde andre land etter. [...] for dei Afrikanske kulturane var slavehandelen øydeleggjande. I mange samfunn gjekk folketalet sterkt tilbake, noko som gjorde det vanskeleg halde et stabilt arbeidsliv gjennom heile året. Handelen var og med på å rive opp kulturane, fordi stammene vart tvinga til å røve slavar frå kvarandre (Ertesvaag et.al, 1988, s. 196)

Sentralt i dette utsegnet er at forfattarane skriv om korleis dette påverka Afrika, med at kulturane vart oppiven og dei vart tvinga til å røve slavar frå kvarandre. Desse kulturane vart også riven opp av koloniseringa: "då europerane kom til Afrika og delte verdensdelene mellom seg, brydde di seg lite at det fanst ulike etniske grupper" (Ertesvaag et.al, 1988, s. 205). Dette at dei ikkje berre stal slavane men også delte opp landet og kulturar, kan ha hatt betydelege konsekvensar for kulturen som var der. Kolonistane delte landa i mellom seg, utan å tenkje på dei som allereie budde der,

verkar det som. Boka skriv so vidare att "i våres dager les vi med avsky og skrekk om korleis dei kvite behandla indianarar og negrar. Kanskje kan vi årsake dei kvite men at dei mangla kunnskapar, dei viste ikkje betre." (Ertesvaag et.al, 1988, s. 162). Dette synet på "dei hvite visste ikkje betre" kan ein sjå i samanheng med hierarkistisk differensieringa av raser, der dei kvite var på eit høgare danningstrinn, og dei andre rasane var på eit lågare danningstrinn i utviklinga. Bibelen hadde også ein sterk påverknad, der synet på slavar og mørkhuda kunne hatt ein stor påverknad på kvifor dei kvite behandla dei so forferdeleg. Eg trur også det at dei ser på slavehandelen med nåtidas (1988) auge, kan ha ein påverknad. Dei kjem altså fram som ein veldig enkel konklusjon, utan ein historisk kontekstualisering, noko som er sentralt for å forstå kvifor det hende. Dei skriv at dei mangla dagens kunnskap, og det gjorde dei nok under slavehandelen, men eg vil tru at bibelen, rasesynet og den hieraristiske differensiering med dei kvite på toppen hadde noko å seie.

Det at forfattarane på 80-tallet skrev so inngåande om koloniar og befolkning kan kommen av læreplanmålet for 7-9 trinn, elevane "skal lære om Afrika, samt koloniar, kolonitid og avkolonisering og befolkning" (M87, s 238). Boka utsegna er henta frå, er ein skulebok skiven for 7.trinn, og det kan vere derfor boka har so stort fokus på både slavehandelen og konsekvensane av den. Sjølve sjøreisa vart også skiven litt om:

[...]Kvite europearar frakta dei over havet og selde dei som slavar. Dei vart sktua saman under dekk på ein måte som gjorde at ein av ti døydde før dei hadde komt fram. Dei som var sjuke go svake etter reisa, vart lempa i sjøen. (Ertesvaag et.al, 1988, s, 162)

Her blir det også skiven om kva som hende med slavane under reisa. Kapittelet avsluttar med å skrive om konsekvensane av denne handelen: "[...] I mange samfunn gjekk folketalet sterkt tilbake, noko som gjorde det vanskeleg halde et stabilt arbeidsliv gjennom heile året. Handelen var og med på å rive opp kulturane, fordi stammene vart tvinga til å røve slavar frå kvarandre" (Ertesvaag et.al, 1988, s. 196)

Slavehandelen var ein stor og transatlantisk handel som vart ulovleg for over 100 år sidan. Korleis det har blitt skiven om slaveriet og slavehandelen har endra seg stort frå den fyrste læreboka til 1988 boka. Ein gjekk frå å gje skylda for slaveriet til Afrikanarane sjølv, til at europearane tok meir og meir ansvar for handlingane som hadde hendt. Ein fekk også eit djupare innblikk i kva handelen eigentleg var, og bøkene gjekk frå å bruke *negerslaveriet* til omtale det som slaveriet. Det hende også ein endring i omtalen av slavane, der ein gjekk frå å omtale dei som *negre* til afrikanarar, eller berre som menneske i frå Afrika. Dette er endringar som har kommen av at synet på omgrepene *neger* og bruken av dette ordet har endra seg, samt har læreplanane hatt noko å seie.

5.0 Konklusjon

I denne masteroppgåva skulle eg finne eit svar på problemstillinga mi:

Korleis blir Afrika og afrikanske menneske si historie, med fokus på slavehandelen, blitt representert i norske lærebøker for mellomtrinnet frå 1890 til 2022, og korleis kan desse representasjonar forklaraast?

I min prosess til å finne eit svar på dette har eg lært mykje nytt om representasjonane av Afrikanske menneske og fått eit djupare innblikk i slavehandelen. Eg byrja min undersøking med eit nysgjerrig blikk på kva som kan vere omstenda kring til dei ulike omgrepa som Afrikanske menneske blei kategorisert i, og om slavehandelen og synet på slavar hadde noko påverknad på dette. Eg vil ta for meg kvart enkelt forskingsspørsmål i denne konklusjonen, og vise fram funna eg fann. Dette vel eg å gjere for å få meir tydeleg fram dei enkelte funna, ettersom forskingsspørsmåla eg hadde var so vide.

Korleis klassifiserast afrikanarar som menneske, og kva slags syn ligg til grunn for desse kategoriane?

Menneska i Afrika gjekk frå å bli klassifiserte som heidningar, *negre*, *hottentottar* og *buskmenn* hovudsakeleg på 1890 til 1970 talet, til å få eit meir stakkarsleg bilete etter 1960. Dei gjekk i frå å trenge hjelp i form av ein bibel, til å måtte få hjelp i form av mat. Det heidenske biletene som vart framstilt i lærebøkene, hadde stor påverknad frå det kristne samfunn rundt. Bibelen vart flittig brukt i skulen, og ein skulle "vinde dei unge for Kristus". Dei blir i bøkene framstilt som stakkarslege og dumme, som trengte hjelp frå den kvite europear for å bli frelst frå sin naturreligion basert på ulike gudar og åndar som stridde i mot den kristne trua. Misjonærar vart også sendt ut for å "redde dei". Ettersom tida gjekk skjedde det ein endring i lærebøkene, og naturreligionen kom meir og meir inn i bøkene på 1970-tallet. Dette kan ha kommen av avkoloniseringa og fokuset på mangfold og toleranse som regjerte på 70- og 80-tallet, noko som har ein samanheng med måla i læreplanen, noko som eg skal drøfte seinare i oppgåva. Menneska som trudde på naturreligionar hadde denne trua vart også definert på ulikt vis, og vart sett på som veldig primitive. Dei vart delt inn i hovudsakeleg tre ulike grupper: *Buskmenn*, *hottentottar* og *negerar*. *Negrane* var hovudomgrepet som gjekk igjen i lærebøkene, og *hottentott* og *buskmenn* vart berre nemnt i nokre få. Alle dei tre folkegruppene hadde veldig deskriptive framstillingar i lærebøkene, noko som kan ha kommen av at dette var ukjente menneske for borna. Ein *neger* vart ofte definert som nokon som var sterke, mørke, med stor nase, skitne og ullhår. *Hottentottar* og *buskmenn* var små menneske med ein grågul hudfarge. Einaste skilnaden dei hadde var at *Hottentottar* hadde små naser og var "hæslege", medan *Buskmenn* var stygge og på det lågaste kulturtrinn. Dei vart alle sett på som nokon på eit lavt danningsnivå og som primitive. Dette kan også ha blitt styrka av bibelen som seier at det å vere svart er ein straff frå Gud og av samfunnet og politikken. Årsaka til dette synet kunne også kommen av at koloniseringa, der dei afrikanske menneska fekk eit styrka syn som "dei andre". Det var heller ikkje til stor hjelp at dei vart vist fram på sirkus fram til 1930 som primitive kannibalar som lagde ule lydar. Bruken av omgrepa endra seg med tida, og omgrepene *neger* vart eit fellesomgrep for heile den afrikanske befolkning når bøkene skreiv om anten religion, slavehandelen, kolonisering eller berre generelt om Afrika. Siste boka som nemner desse omgrepa var boka frå 1977, noko som kan ha kommen av

av koloniseringa av Afrika og endringa av synet dette førte med seg. Ein annan årsak er at i sjølve definisjonen av ein *neger* i 1980 leksikonet, står det at "[..] I Afrikanske land foretrekkes ord som *Afrikaner* eller *svart* fremfor *neger*, som oppfattes som en rasistisk nedsettende betegnelse [...]" (Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon. 8 : M-Norge, 1980, s. 516). Ettersom leksikonet som oppslagsverk sjølv påpeikar at dei Afrikanske menneska ser på dette omgrepet som rasistisk, kan det ha bidratt til at det forsvann ut av lærebøkene på 1980-tallet. Dette kan også ha samanheng med dei andre omgrepa, og at ein ville ha ut alle omgrep som kunne oppfattast som rasistisk ut av lærebøkene. Det kan også ha kommen av innvandringa frå land utanfor Europa på 1960-tallet. Noreg fekk med dette fleire mørkhuda borgarar, og det å bruke omgrep som afrikanarane sjølve såg på som rasistiske blei med dette kanskje uønskt. Ettersom omgrepa forsvann meir og meir frå bøkene, kom eit anna syn inn, elendeperspektivet. No var det ikkje gud og kristning dei trengte, men hjelp og mat. Dei blir framstilt som veldig stakkarslege, noko som enkelte bøker tek opp. Dette kan ha kommen av den enorme tørka som streifa rundt om i savanneområda i nord og sør Afrika på 1970- og 1980-tallet, og fokuset på dei ulike hjelpeorganisasjonane i læreplanen. Det kom også inn eit meir fokus på toleranse og mangfold i læreplanane, og elevane skulle få meir respekt for kvarandre sine ulikeheitar, som nemnt lenger oppe. Representasjonane av afrikanske menneske har altså gått frå at dei er "hæselige" *negrar* som må bli redda frå sin heidenskap, til stakkarslege afrikanarar som må bli redda frå svolt og sjukdommar.

Kva seier lærebøkene om slavehandelen, og kan dette ha påverka synet på dei Afrikanske menneska?

Fokuset på slavehandelen og kva som blir skiven har endra seg mykje frå dei aller første lærebøkene, til den i frå 1988, men sjølv om fokuset endra seg, vart framleis omgrepet *neger* brukt om slavane fram til 1966. Dei aller første bøkene gav veldig korte forklaringar om kva ein slave er, samt kva slavehandelen er, og rettar skulda mykje på afrikanarane sjølve. Eine boka skriv blant anna at dei gjer kvarandre til slavar (, og gjorde med dette sjølve ofra til dei skuldige. Dette vart da grunngjeven med at Afrikanarane sjølvt selde andre afrikanarar som slavar. Dei skriv også om slavejegerane som streifar rundt om i Afrika, men ingen av dei skriv om sjølve handelen eller reisa dei gjekk igjennom. Dette kan ha vert prega av at dei aller eldste bøkene kom ut berre nokre tiår etter at handelen var ulovleg, og også prega av det negative synet ein hadde på afrikanarane. På 1920-talet blir det meste beskriven i form av historiar, der elevane blant anna får møte *negerguten* Ejok og slaven Sam som vart piska. Ut over 40-tallet skriv forfattarane meir om sjølve handelen, men skriv framleis *negrar*. Bøkene på 60- til 80-tallet å gi meir og meir informasjon om både behandlinga av slavane, dei kvite sitt ansvar og kva plantasjearbeidet og sjølve reisa faktisk gjekk utover. Bøkene skriv meir og meir detaljert om handelen, og gir også nokre makabre framstillingar om korleis livet til ein slave faktisk var. Dette kan ha samanheng med stakkarsleggjeringa av Afrikanarane som også hende på denne tida, der eit elendebilete vart framstilt. Døme på dette er "Afrikanske barn er takknemelige for en kip melk" (Rødevand et.al, 1970, s. 13). Slavehandelen gjekk i frå å vere noko som vart forårsaka av den Afrikanske befolkning sjølve, og grunngjeven med bibelen, til at det blir skiven meir og meir om dei som eigentleg hadde skulda, dei kvite. Handelen hadde fatale konsekvensar for både slavane sjølve, men også Afrika, der kulturar og stammar blei reven frå kvarandre.

Korleis kan læreplanen ha påverka framstillinga av Afrika og Afrikanske menneske si historie frå 1890 til 1990?

Den aller fyrste læreplanen frå 1889 hadde eit stort fokus på kristendommen, noko som skinn godt igjen i både undervisinga men også i samfunnet. Nesten heile læreplanen omhandla kristendommen, noko ein såg tydeleg i lærebøkene. Årsaka til at Afrika i det heile vart skriven om var at dei skulle også kunne noko om den ”øvrige jord”.

Kristendomsfokuset gjekk også igjen i mönsterplanen frå 1923, men denne planen hadde meir læreplanmål i samfunnsfaget, enn den førre. Elevane skulle her kunne meir om levevilkåra til andre menneske, samt verdsdelane, derunder Afrika. Mönsterplanen frå 1939 er den første læreplanen som skriv at elevane skal kunne om Afrika, samt om *negerane*. Dette fokuset på Afrika gjekk igjen i lærebøkene eg såg på, der hovudfokuset var på slavehandelen og det gamle Egypt. I bøkene for denne læreplanen var derimot rasesynet fråverande og det var ingen forklaring på kva ein *neger* var, som skil seg frå dei andre bøkene, sjølv om elevane på 4.trinn skulle kunne noko om desse *negerane*. Mangelen på definisjonar kan igjen ha kommen av at dei lærte omgrepet i dei tidlegare åra. Læreplanen frå 1974 hadde fleire mål om toleranse, respekt og mangfald, og med eigne mål om kva elevane skal lære om Afrika og Afrikansk historie. Mönsterplanen for 1974 hadde mål som omhandla ”menneskerettighetsbegrepet” (M74, s. 180) og ”bak alt som er annerledes, i ytre forhold, i utseende og i tro og tenkemåte, må elevene lære å forstå at det skjuler seg mennesker som dem selv” (M74, s. 181). Og i Mönsterplanen frå 1987 skulle elevane lære at ”[...] alle mennesker er likeverdige” (M87, s. 14) og elevane skal lære om ”likeverd mellom ulike grupper, sosialt, kulturelt osv. Toleranse og respekt, motverke rasistiske haldningar” (M87, s. 217). Desse elementa går også igjen i lærebøkene som hører til planen. Den siste læreplanen er den i frå 1987 som er ganske lik den i frå 1974, ettersom den også har konkrete mål om kva elevane skal lære om Afrikansk historie. Ein kan da sjå at læreplanen har blitt meir og meir konkret på kva elevane skal kunne om Afrikansk historie, men sjølv om Afrika ikkje eksplisitt blir nemnt har det framleis vert eit tema i lærebøkene heilt i frå 1892 til 1988. Kristendommen fekk også mindre og mindre plass i planen, noko som kom av samfunns- og religionsendringar. Det som stod i læreplanen, fant eg i lærebøkene. Dette viser kor mykje påverknad læreplandokumentet har ovanfor dei som skrev dei ulike lærebøkene.

6.0 Kjelder

- Andersen, F. (2015) *Del II: Fornorsking, fysisk antropologi og evolusjonsteori. Evolusjon, rasebiologi og menneskeverd.* Henta frå:
<https://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/8506/article.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Andersen, F. (2015) *Medisinens ubekvemme historie Del 1: Evolusjon, rasebiologi og menneskeverd.* Henta frå:
<https://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/8506/article.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon : 8 : M-Norge (Vol. 8, p. 809). (1980). Kunnskapsforl.
- Bakken, Y. (2015) "De fattige er ofte brune barn som får gå rundt i undikken" - om barnlige fortolkninger av bistands-og solidaritetsarbeid i Børhaug, K., Hunnes, O.R., Samnøy, Å. (Red). *Spadestikk i samfunnsfagdidaktikken*. Fagbokforlaget
- Benum, E. (2015, 25.november) Statskirkas nedgang. I *Norgeshistorie.no*.<https://www.norgeshistorie.no/oljealder-og-overflod/1942-statskirkas-nedgang.html> (21.05.23)
- Berg, L.-P., (2022, 3. mai) Kongelig resolusjon. i *Store norske leksikon*. Hentet frå https://snl.no/kongelig_resolusjon (14.04.23)
- Berta, Ola., G. (2022, 2.mai): Zulu. i *Store norske leksikon*. Hentet frå <https://snl.no/zulu> (18.04.23)
- Berthelsen. (2002). *Skjeggete damer og siamesiske tvillinger : fra tivoli til "Big Brother"* (p. 176). Cappelen.
- Britannica, The Editors of Encyclopaedia (2023, 12. Januar) Sarah Baartman. *Encyclopedia Britannica*. Henta frå <https://www.britannica.com/biography/Sarah-Baartman> (18.05.23)
- Christensen, & Eriksen, A. (1992). *Hvite løgner : stereotype forestillinger om svarte* (p. 151). Aschehoug.
- Christensen, O., Eriksen, A. (1992) *Hvite løgner - sterotype forestillinger om svarte*. Aschehoug.
- Dokka, H.-J. (1988). En skole gjennom 250 år: den norske allmueskole, folkeskole, grunnskole 1739-1989 (p. 224). NKS-forlaget.
- Elstad,H (2023, 22.januar) Kirkekampen. I *Store Norske Leksikon*. Hentet frå:
<https://snl.no/kirkekampen> (22.05.23)
- Eriksen, M. (1910) *Lærebok i almindelig geografi for folkeskolen*. H.C Aschehoug (W. Nygaard)
- Ertesvaag, E., Rognaldsen, S., Aanes, A. (1988) I fokus - *Samfunnsfag* 7. Gyldental norsk forlag
- Fee, J.G (1848) *An anti slavery manual - being an examination in the light of the Bible, and the Facts, into the Moral and Social Wrongs of American Slavery, with a remedy for evil*. The Herald office. Hentet frå :
<https://babel.hathitrust.org/cgi/pt?id=loc.ark:/13960/t3mw2j69k&view=1up&seq=7&q1=doulon> (03.03.23)

Forskrift om godkjenning av lærebøker (1999) *Godkjenning av lærebøker (FOR-1999-06-28-722)*. Lovdata. Henta frå: https://lovdata.no/dokument/SFO/forskrift/1984-01-13-3520/KAPITTEL_1#%C2%A71 (05.05.23)

- Grant, M. (1928). *Den store rases undergang* (p. 191). Some & Co Forlag
- Grunnlova (1814) *Constitution for Kongeriget Norge*. Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/HIST/lov/1814-05-17-18140517/§2>
- Gundersen, D. (2022, 16. november) Kreasjonisme. i *Store norske leksikon*. Henta fra <https://snl.no/kreasjonisme> (01.04.23)
- Gøbel, E. (2017). Slavehandel under Dannebrog 1647-1806. I Hernæs, P.O. (Red) *VestAfrika – Fortene på Guldkysten*. (s. 184-221). København: Gads Forlag.
- Hareid, J, Sverre, S. (1946) *Vi ere en nasjon - Norges og verdenshistorien*. H.C Aschehoug (W. Nygaard)
- Hessen, Lie, T. (2002). *Mennesket i et nytt lys : darwinisme og utviklingslære i Norge* (p. 409). Cappelen.
- Huhtamäki, K., Serck-Hanssen, C. (2004) Religiøse og kirkelige forbindelser. i Busygin, A., Bielenberg, T. J., Nielsen, J. P., Dzjakson, T., Büchten, D., & Norsk folkemuseum. (2004). *Norge-Russland : naboer gjennom 1000 år* (p. 498). Scandinavian Academic Press.
- Johannessen, L. E. F., Rafoss, Tore Witsø, & Rasmussen, Erik Børve. (2018). Hvordan bruke teori? : nyttige verktøy i kvalitativ analyse (p. 339). Universitetsforl.
- Johnsen, E. B. (1999). *Lærebokkunnskap : innføring i sjanger og bruk* (p. 188). Tano Aschehoug.
- Kirke- og undervisningsdepartementet (1923) *Normalplan for landsfolkeskolen*. Kristiania. J.M. Stenersens forlag
- Kirke- og undervisningsdepartementet (1974) *Mønsterplan for grunnskolen*. Aschehoug.
- Kirke- og undervisningsdepartementet (1987) *Mønsterplan for grunnskolen*. Aschehoug
- Kondracki, Wellman, N. S., & Amundson, D. R. (2002). Content Analysis: Review of Methods and Their Applications in Nutrition Education. *Journal of Nutrition Education and Behavior*, 34(4), 224–230. [https://doi.org/10.1016/S1499-4046\(06\)60097-3](https://doi.org/10.1016/S1499-4046(06)60097-3) (01.03.23)
- Krippendorff, K. (2004) *Content analysis: an introduction to its methodology*. 2.utg. Thousand Oaks, Calif: Sage
- Kyrkje- og undervisningsdepartementet (1939) *Normalplan (Mønsterplan) for landfolkeskulen*. H. Aschehoug & Co (W. NYGAARD)
- Lindgren, A. (1954) *Pippi Langstrømpe*. Damn
- Ludv.Horn, C.W. (1892) *Lærebog i geografi for folkeskolen*. J.W Cappelens forlag
- Løøv, M (2022, 13.juni) Hedning. I *det Store Norske Leksikon*. Henta frå: <https://snl.no/hedning> (06.03.23)
- Marthinsen , B., Østerberg, P. (1966) *Mennesker jorda rundt- etnografi for ungdomsskulen 7.skoleår*. Fabritius & Sønners forlag
- Melve, L., & Ryymin, T. (2018). *Historikerens arbeidsmåter* (p. 239). Universitetsforl.
- Moldrheim, S. (2001) Framstillinger av "de andre" - Stereotypier i kategorier i i Ytrehus, L. A (2001) *Forestillingen om "den andre" - Imagess of otherness*. Høyskoleforlaget Norwegian academic press
- Moyo, L (2017) *Searching for Ourselves: African Cultural Representation in Children's Books in the United States, and Implications for Educational Achievement* [Masteroppgåve].

- Clark University. Hentet frå: <https://core.ac.uk/download/pdf/148069649.pdf> (03.02.23)
- Munthe, E. (2005) *Innholdsanalyse av klasseromsvideoer; med CLASS som et eksempel.* Norsk Pedagogisk Tidsskrift Årgang 89. Henta frå <https://www.idunn.no/doi/epdf/10.18261/ISSN1504-2987-2005-02-08> (27.02.23)
- National Geographic Society (2023, 7.februar) *Buddhism.* National Geographic Society. Henta frå:<https://education.nationalgeographic.org/resource/buddhism/> (10.05.23)
- Neeral, A. (2018. 18. oktober) *De store runder 80 prosent.* Henta frå: <https://bok365.no/artikkel/de-store-runder-80-prosent/> (23.02.23)
- Nilssen. (1935). *Norges svar på Jesu erobringssordre : kortfattet norsk misjonshistorie* (p. 235 , pl.). Lutherstiftelsen.
- Nordkvelle, Y., Tvete, I., & Hei Verden. (2010). Nord/sør perspektivet i norske lærebøker : rapport laget for Hei Verden (p. 102). Hei Verden.
- Nordmørsmusea (2015, 17.mars) *Julehefte.* Digitalmuseum.no. <https://digitaltmuseum.no/021025818187/julehefte>
- Norsk Haandlexikon for almennytige Kundskaber : 1 A-J* (1881) Johnsns forlag
- Norsk Haandlexikon for almennytige Kundskaber : 2 : K - R* (1884) Johnsns forlag.
- NOU 2000: 26 (2000) «...til et åpent liv i tro og tillit» - *Dåpsopplæring i Den norske kirke.* Statens forvaltningstjeneste Informasjonsforvaltning. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/a0fd50ce212048e291122f7d3e782ca7/no/pdfa/nou20002000026000dddpdfa.pdf> (17.05.23)
- NOU 2014: 7 (2014) Kapittel 7 :Læreplaner og vurderingssystemer I *Elevenes læring i fremtidens skole - Et kunnskapsgrunnlag.* Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon Informasjonsforvaltning. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/e22a715fa374474581a8c58288edc161/no/pdfs/nou201420140007000dddpdfs.pdf> (07.05.23)
- O`Donkor, T. (2009, 25. juli) *After London and Paris, Venus regains her dignity, but how much?- Saartjie Baartman, The Hottentot Venus: The story of a caged blackwoman in Europe.* Henta frå: <https://www.afrik-news.com/article15967.html> (02.04.23)
- Reusch, H. (1893) *Kortfattet geografi.* A.W Brøggers bogtrykkeri
- Reusch, H. (1929) *Geografi.* A.W Brøggers bogtrykkeri
- Rinde, P (1890) *Landskoleloven af 26de Juni med forklarende bemærkninger samt Udkast til skoleplan for folkeskolen.* Kristiania Dagbladets bogtrykkeri
- Ringdal. (2018). *Enhet og mangfold : samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (4. utg., p. 562). Fagbokforl.
- Ryen, & Kjennalen, K. (1979). *Språkbruk og holdninger i grunnskolen* (Vol. 9, p. 170). Novus.
- https://www.nb.no/items/618f65dfd564d941b5c555f75dd83f9b?page=0&searchText=_oaiid:%22oai:nb.bibsys.no:998030081714702202%22 (20.03.23)
- Røvedang, Ø., Farestveit, J., Hansen, B. (1970) *Vår vide verden - geografi for 6.skoleår med lesestykker.* Gyldendals geografi for folkeskolen
- Sandvik, L.S. (2019, 5. november) *Skolen – et verktøy for å kristne Norge.* Publisert på utdanningsforskning.no Henta frå <https://utdanningsforskning.no/artikler/2019/skolen--et-verktøy-for-a-kristne-norge/> (12.05.23)

- Schackt , J (2022, 24. november) Mulatt. *I Store Norske Leksikon*. Henta frå:
<https://snl.no/mulatt> (01.05.23)
- Selander. (1988). *Lärobokskunskap : pedagogisk textanalys med exempel från läroböcker i historia 1841-1985* (p. 139). Studentlitteratur.
- Simensen. (2009). *Afrikas historie* (5. utg., p. 483). Cappelen akademisk.
- Simonsen, D.F (2008) «Finn», «lapp» og «neger» – litt om sensitive ord sitt liv og død.
<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Om-oss/Om-nettsidene/>
- Skinningsrud, I., Hjelle, M. (1977) *Historie for 6.skoleår grunnbok*. J.W Cappelens forlag
- Skjelbred. (2017). *Norsk lærebokhistorie : allmueskolen, folkeskolen, grunnskolen : 1739-2013* (p. 587). Universitetsforl.
- Skjølberg, & Trondheim offentlige skole for døve. (1992). *Trondheim offentlige skole for døve (1825-1986) : med hovedlinjene i døveundervisningens historie ute og hjemme* (p. 325). Døves forlag.
- Skrunes. (2010). Lærebokforskning : en eksplorertende presentasjon med særlig fokus på kristendomskunnskap, KRL og religion og etikk (p. 322). Abstrakt forl.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/om-statsrad/id593521/?ch=13>
(22.02.23)
- Skålevåg, S., A., (2023, 8.mars) Jon Alfred Mjøen. *I det Store Norske Leksikon*. Henta frå:
https://nbl.snl.no/Jon_Alfred_Mj%C3%88en (18.05.23)
- Slagstad, & Ledelse, organisasjon og styring. (1998). *De nasjonale strateger* (p. 560). Pax.
- Statsministerens kontor (2022) *Om Kongen i statsråd -Forbredelse av saker til statsråd* [Brosjyre/ Veiledning] Henta frå:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/986ccb8dd1f248da951824883b1be724/no/pdfs/om-kongen-i-statsrad-29-8-22.pdf>
- Stokke, B (1955) *Folket vårt - gjennom tidene*. J.W Cappelens forlag
- Sæbø, M. (2016, 4. juli) Når det regner i Afrika. *Dagsavisen, Debatt*. Henta frå:
<https://www.dagsavisen.no/debatt/2016/07/04/nar-det-regner-i-Afrika/> (21.05.23)
- Thorbjørnsrud, B. (2001) *Orientalismen* av Edward Said. , De norske bokklubbene 2001
- Torjussen, S., A, A, (2018) *Fremstillingen av kolonialisme i norske lærebøker*. [Masteroppgåve].Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi. UNIVERSITETET I OSLO. Henta frå:
<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/65797/1/Masteroppgave-Sahra-Torjussen-ferdig.pdf>
- Volckmar, N. (2016). *Utdanningshistorie : grunnskolen som samfunnsintegrerende institusjon* (p. 286). Gyldendal akademisk.
- Weihe, H-J., W. (2023, 9.mai) Kristen misjon. *I Store Norske Leksikon*. Henta frå:
https://snl.no/kristen_mision
- Westbury, I. (1982) *School textbooks*. Curriculum Laboratory, College of Education, University of Illinois at Urbana-Champaign.
- Ytrehus, L. A (2001) Innledning: Forestillingen om "den andre" i Ytrehus, L. A (2001) *Forestillingen om "den andre" - Imagess of otherness*. Høyskoleforlaget Norwegian academic press

